

NISSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2017

Innhald:

Årsberetning

1.	Innleiing	s. 3
2.	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 4
2.1.	Organisasjonskart	s. 4
2.2.	Politisk organisering	s. 5
2.3.	Administrativ organisering	s. 5
2.4.	Interkommunalt samarbeid	s. 6
3.	Investeringsrekneskapen	s. 7
4.	Driftsrekneskapen	s. 12
5.	Balansen	s.19
5.1.	Gjeld.....	s.19
5.2.	Arbeidskapital	s.19
5.3.	Utestående fordringar	s.19
5.4.	Fond	s.19
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.20
7.	Aktivitetsnivået på utvalde område	s.22
8.	Likestilling	s.23
8.1.	Kjønnsfordeling	s.23
8.2.	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid	s.24
8.3.	Lønsnivå	s.24
8.4.	Stillingsbrøk	s.25
8.5.	Vidareutdanning – kompetanseheving	s.25
8.6.	Etnisitet og nedsett funksjonsevne	s.25
9.	Fråvær	s.26
10.	Etisk standard	s.26
11.	Årsverk/løn/revisjon	s.26
12.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.27

KOSTRA

13.	KOSTRA-TAL	s.28
-----	------------------	------

Handlingsprogram - rapportering

14.	Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan & handlingsprogram	s.30
14.1.	Felles	s.31
14.1.1.	Sentral leiing	s.31
14.1.2.	Fellestenesta	s.33
14.1.3.	IKT	s.33
14.1.4.	Næring	s.34
14.1.5.	Renovasjon	s.36
14.1.6.	Vest-Telemark brannvernssamarbeid	s.36
14.1.7.	Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid	s.36
14.1.8.	NAV	s.38
14.2.	Eining for skule	s.41
14.3.	Eining for barnehage	s.47
14.4.	Eining for kultur	s.50
14.5.	Eining for helse og habilitering	s.56
14.6.	Eining for omsorg	s.59
14.7.	Eining for teknisk drift	s.63
14.8.	Interkommunalt plankontor for Nissedal og Kviteseid	s.67

Vedlegg

Vedlegg I: Årsmelding for Nissedal Fellesråd	s.69
--	------

1. Innleiing

Budsjettet for 2017 blei vedteke med eit netto driftsresultat på 1,1 mill. (0,65%) Dette er godt under nasjonal målsetning på 1,75%, men ein klar forbetring i høve til opphavleg budsjett 2016 der det var budsjettert negativt netto driftsresultat på 1,5 mill. Hovudforklaringa til denne utviklinga frå 2016 til 2017 er auke i inntekter. Auke i inntekter er samansett og noko ein vil kome attende til i seinare punkt, men dei største enkeltmomenta er intergreringstilskot for flyktningar som auka med 4,2 mill. og at kommunen har overtatt fakturering av renovasjonsavgifter, som utgjør 5,6 mill. Rekneskapen for 2017 synte eit netto driftsresultat på 2,2%

Handlingsprogrammet la opp til busetjing av flyktningar også i 2017. Det blei i løpet av året busett 18 flyktningar, fordelt på 3 familiar, 3 einslege og 1 familiegjenforeining . Det er nå gjennom 3 år busett 51 flyktningar i kommunen. Arbeidet med busetjing av flyktningar har gått svært bra, men det er sjølvstøtt knytt ulike utfordringar til dette arbeidet. Men så langt har dette blitt handtert svært bra av alle involverte. Innvandrar (som er ei gruppe som omfattar fleire enn flyktningar) utgjør nå 10,6% av innbyggjarane i kommunen. For heile landet er tilsvarende tal 13,8%.

Nissedal har hatt ein positiv auke i folketallet gjennom fleire år. 31.12.17 var det busett 1.489 personar i Nissedal, som er ein oppgang på 13 personar sidan 31.12.16. Dette utgjør ein vekst i folketallet på 0,9%. Tilsvarende tal for Telemark var 0% og for landet under eitt 0,7%. Veksten på 13 personar er samansett slik: Fødselsoverskot 1, netto innvandring 18, netto innanlands flytting -6. Med andre ord var busetjing av flyktningar i 2017 ein viktig del av, eller kanskje heile auken i folketallet.

Som ein oppfølging av arbeidet med kommunereform har det i 2017 blitt arbeidd på fleire område med å utgreie interkommunalt samarbeid. Etablering av felles NAV-kontor er det samarbeidsområdet ein har kome lengst med. Det blei i Vest-Telemark jobba med evt. samarbeid på IKT, landbruk, næring og ulike økonomifunksjonar. Men dette arbeidet er avslutta utan at ein kom nærare eit samarbeid på desse områda.


Etter VA-utbygginga på Gautefall fullført i 2016 har likevel VA-utbygging blitt vidareført på eit høgt nivå. Av sum utgifter investeringar i løpet av 2017 på 39,5 mill. er 14,4 mill. knytt til vatn og avlaup. Men det har vore høg aktivitet i høve til bygg. Småskulen på Tveit skule og bygging av flyktningbustader blei nær fullført i 2017. Asfaltering av kommunale vegar har og vore eit av dei større prosjekta i 2017.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2017 blei fråværet 6,83%, slik at dette målet diverre ikkje blei nådd. Dette var ein nedgang på 0,38 prosentpoeng i høve til 2016, men opp 0,91 prosentpoeng i høve til 2015. Ein må derfor kunne seie at ein over tid har hatt problem med å kome ned mot det er som er sett som målsetning for nivå på sjukefråvær.

Som nemnd innleiingsvis, blei budsjett 2017 vedteke med eit netto driftsresultat på 0,65%. Ved avslutning av rekneskapen var dette endra til eit netto driftsresultat på 2,2%. Dette vil seie at det har vore ei positiv økonomisk utvikling gjennom året. Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2017 blei 4,1 mill. Dette skuldast m.a. skatteinngangen mot slutten av året blei godt over budsjett. Dette er tredje året på rad med forholdsvis store mindreforbruk. Dette er positivt i høve til å bygge opp att ein økonomisk reserve for kommunen. "Felles buffer" utgjør pr. 31.12.17, 8,7 mill. Dersom ein legg til grunn at mindreforbruket i 2017 og vert avsett til buffer utgjør då "felles buffer" 12,8 mill. Men det å få eit mindreforbruk som utgjør så stor del driftsbudsjettet, som har skjedd dei 3 siste åra, er i overkant av kva ein kan kalle god økonomistyring.

2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

2.1 Organisasjonskart



2.2 Politisk organisering

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast direkte i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 9 møte i 2017

2.3 Administrativ organisering

Nissedal kommune er organisert i 6 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Rådmannen si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 6 einingsleiarar, plansjef, NAV-leiar, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for skule omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring. I tillegg er tilsyns-mynde etter Lov om barnehage lagt til denne eininga.

Eining for omsorg omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp. Tenestekontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova ligg også i denne eininga.

Eining for barnehage omfattar 4 kommunale barnehagar og ev. oppfølging av private barnehagar. I 2017 var det ingen private barnehagar i Nissedal.

Eining for helse og habilitering omfattar tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, dagsenter og psykiatri.

Eining for kultur omfattar musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet og flyktingar.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

NAV omfattar økonomisk sosialhjelp, arbeidsavklaringspengar, oppfølging av arbeidsledige og sjukmeldte.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som barnevern og landbrukskontor.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme.

2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting, både i form av eigne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar (sjå også Note 0 i Årsrekneskap 2017).

Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggjande brannvern i eige IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Telemark kommunerevisjon IKS
- Telemark kontrollutvalssekretariat IKS
- Ika Kongsberg IKS
- PPT IKS.

Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn for Kviteseid kommune og Kviteseid kommune fører skatterekneskapen for Nissedal kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehustjenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

3. Investeringsrekneskapet (jf. rekneskapsskjema 2A/2B og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2017 i stor grad prega av høg aktivitet innan VA-sektoren, ni i mindre grad med felles VA-anlegg med Drangedal på Gautefallheia, men i større grad ved egne prosjekt. I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar i anleggsmedel med totalt 33 mill. Dette blei justert opp i løpet av året til 36,3 mill. Rekneskapen gav investeringar i anleggsmedel på 39,5 mill. Av dette var 14,4 mill. knytt til investeringar innan VA.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane og ved fleire ulike enkeltsaker. Det vert i det etterfylgjande gjort greie for dei vesentlege endringane i investeringsbudsjettet og avvik i høve til rekneskapen.

0126 – Startlån

Opphavleg ramme for utlån på 1,5 mill., Dette var ledige midlar frå 2016 og det er ikkje teke opp lån til formidling i 2017. Ramma vart styrka med 0,3 mill. (k-sak 77/16), på bakgrunn av nokre større utlån mot slutten av året. Rekneskapen synte godt samsvar med budsjettet. Dette med unnatak av mottatte avdrag som blei kr 234.000 over budsjett, som kan forklarast med ekstraordinære innbetalingar/innfriing av lån.

0149 – Kjøp og sal av aksar

Opphavleg løyving på kr 475.000 var sett av til eigenkapitalinnskottet i KLP. Ramma blei styrkja med kr 30.000 i høve auke høgare innbetaling, enn kva ein la til grunn i budsjettet.

Kr 700.000 i STUI-tilskot, som var knytt til Tambaga-rommet (prosjekt avslutta i 2016) blei inntektsført her. I tillegg kom det inntekter på sal av kommunale tomter på kr 268.000, der hovuddelen var tomt til ny flyktningsbustad. Dette gav i sum grunnlag for å avsette kr 410.000 til ubundne investeringsfond. Men på bakgrunn av overskriding på andre prosjekt måtte kr 192.000 av denne avsetninga strykast.

0528 Nissedal sin del av fellesinv. Gautefallheia / 0537 VA-Gautefallheia Trinn 6 Vassverk

Rekneskapen for VA-Gautefall blei avslutta i 2016. Men VTK sendte rekning for anleggsbidrag for arbeid utført i 2014 knytt omlegging av straumforsyning først nå i 2017. Dette var ein sum på kr 273.000, der Nissedal sin del var kr 169.000, jf. fordelingsnøkkel. Dette blei innarbeidd i 1. tertial. Prosjektet er nå avslutta.

0553 – Miljøretta helsevern – påkostningar skulebygg

I 1. tertial blei prosjektet sett opp ei budsjetttramme på kr 534.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet på kr 393.000 og ei styrking av ramma på kr 141.000. I k-sak 77/17 blei budsjetttramma redusert med kr 350.000. Dette var knytt til arbeid på Fjone skule, som blei utsatt til 2018. Prosjektet omfattar tiltak på alle 3 skulane i kommunen. Godt samsvar mellom budsjetttramme og rekneskap i 2017. Samla prosjektramme er pr. 31.12. kr 4.236.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0564 Adressering-skilting-vegnamn

Prosjektet gjeld etablering av adresser i heile kommune og innkjøp/oppsetting av vegnamn-skilt. Adressering er fullført, men skilting står delvis att. I 2016 blei skilt-materiell kjøpt inn. Arbeid med oppsetting av skilt blei gjennomført i 2017 i Kyrkjebygda og Felle. Resterande del av arbeidet blir gjennomført i 2018. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjetttramme på kr 188.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet på kr 33.000 og styrking av ramma på kr 155.000. På bakgrunn av at arbeidet ikkje ville bli fullført i 2017 blei budsjetttramme redusert med kr 113.000 i k-sak 77/17 til 75.000. Rekneskapen synte utgifter på kr 20.000 under budsjett. Skuldast at mindre del av arbeidet enn planlagt blei gjennomført før årsskifte. Samla prosjektramme er pr. 31.12. kr 405.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0573 Satsing på IKT i skulen

Prosjektet gjeld nytt utstyr og utbetring av infrastruktur innan IKT i skulen. I 2016 blei det kjøpt inn 44 PC-ar og infrastrukturen blei oppgradert. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjettramme på kr 63.000 som var ei overføring av budsjettramme frå 2016 på kr 25.000 og ei styrking av prosjektramma på kr 38.000. Styrkinga av ramma var årsaka av behov for oppgradering av trådløst nett ved auke i talet på PC-ar. Godt samsvar mellom budsjett og rekneskap. Samla prosjektramme pr. 31.12. kr 663.000. Prosjektet er avslutta.

0576 Asfaltering av grusveggar

Prosjektet gjeld oppgradering av kommunale veggar. I k-sak 73/16 blei det avgjort kva for veggar som skal prioriterast. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjettramme på kr 2.889.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet på kr 1.789.000 ei styrking av prosjektramma på kr 1.100.000. Vidare blei prosjektet styrka med kr 750.000 i 2. tertial. Alt arbeid er utført før årsskifte, men delar av arbeidet blei først fakturert i 2018. Dette utgjer kr 258.000 og forklarar avviket mellom rekneskap og budsjett. Samla prosjektramme pr. 31.12. er kr 6.162.000. Prosjektet er formelt sett ikkje avslutta.

0578 Omlegging av kloakkleidning – Treungen RA

Prosjektet blei i hovudsak gjennomført i 2016. Det står at sluttdokumentasjon og sluttrekning ved årsskifte. Prosjektramme er kr 1.300.000 og budsjettramme i 2017 var kr 50.000 (Rekneskapen synte kr 10.000 over budsjett). Det vert lagt til grunn at prosjektet vil bli avslutta i samsvar med prosjektramme. Prosjektet er ikkje avslutta.

0580 Vassforsyning – Sandtjønnlia hyttefelt m.fl.

I kommunestyresak 10/16 blei det løyva 12,6 mill. til prosjektet. Ved å ta omsyn anleggsbidrag/tilkoplingsgebyr, er kommunen si eigenfinansiering 6,4 mill. Prosjektet utløyste i første omgang 184 nye vassabonnentar. I 2016 blei ramma til prosjektet redusert med kr 2.474.000. I k-sak 77/17 blei prosjektramma auka med kr 100.000 på bakgrunn av tiltak på inntaksleidning det ikkje var budsjettert med. Alt arbeid ved prosjektet er gjennomført, men det står att å få på plass dokumentasjon og dette forklarar attståande sum på kr 58.000. Samla prosjektramme pr. 31.12. er kr 10.226.000. Prosjektet er formelt sett ikkje avslutta.

0582 Vass- og kloakkleidning til Ånundsbuoddane

I kommunestyresak 35/16 blei det løyva kr 1.150.000 til prosjektet. Prosjektet var delfinansiert (kr 300.000) med anleggsbidrag. Storleiken på anleggsbidraget blei rekna ut etter planane om utbygging av 35 hyttetomter, men dimensjon på anlegget tok høgde for vidare utbygging/forlenging av nettet. Denne delen av kostnadene vart ikkje teke omsyn ved berekning av anleggsbidrag. I 1. tertial blei prosjektet sett opp med ei budsjettramme på Kr 351.000, som var ei overføring frå 2016-budsjettet. I k-sak 77/17 blei prosjektramma redusert med kr 100.000. Rekneskapen synte eit meirforbruk på kr 84.000 i høve til prosjektramme. Samla prosjektramme pr. 31.12. er kr 1.050.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0583 Utbygging Tveit skule – småskulen

I budsjettet var dette prosjektet sett opp med ei prosjektramme på kr 7.937.000. I 1. tertial blei prosjektramma auka med kr 1.594.000. I vedtaket om denne løyvinga blei kontrollutvalet bedne om å sjå på administrasjonen sine arbeidsprosessar i høve til investeringsprosjekt. I k-sak 77/17 blei budsjettramma redusert med kr 1.750.000 på bakgrunn av anna progresjon enn opphavleg plan. Ved utgangen av året er det godt samsvar mellom budsjett og rekneskap (avvik på kr 18.000). Gjeldande prosjektramme pr. 31.12. er kr 9.729.000. Av gjeldande prosjektramme står det att 1.713.000. Prosjektet er ikkje avslutta, men vil bli fullført i 2018.

0585 Oppgradering Agresso til Milestone

I 2016 blei det løyva kr 625.000 til oppgradering av kommunen sitt økonomisystem, m.a. innføring av fakturaflyt. I 1. tertial blei prosjektramma styrka med kr 37.000. Ved årskifte står det kr 24.000 av budsjett/prosjektramme. Dette vil bli nytta til fullføring av prosjektet tidleg i 2018. Prosjektet er ikkje avslutta.

0586 Utviding av Framnes bustadfelt

I kommunestyresak 65/16 blei det løyva kr 1.250.000 til dette investeringsprosjektet. Dette skulle dekke ny trykkaukar, leidningsnett kjøp av grunn til to tomter og grøftekostnad for kabling av høgspenline. I 1. tertial 2017 blei prosjektramma styrka med kr 500.000, på bakgrunn av dårleg masse i eksisterande veg, som gjorde til at vegen måtte fornyast i enkelte parti. Byggearbeidet fullført i 2017. Nye tomter er byggeklare og ny trykkaukar for vassforsyning er satt i drift. Sluttdokumentasjon og sluttrekning ikkje motteke. Det er forventa at sluttoppgjer vil vere under gjeldande prosjektramme på kr 1.750.000. Gjenstående budsjett/prosjektramme er kr 84.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0590 Breibandutbygging

Prosjektet blei omdefinert til å vere eit driftsprosjekt.

0591 Tur-/sykkeløype Åmli –Treungen

Prosjektet blei i budsjett 2017 sett opp med ei prosjektramme kr 1.466.000. I 1. tertial blei ramma styrka med kr 250.000 på bakgrunn av behov for skilting langs traseen. Det vil bli søkt Statens Vegvesen om delfinansiering av desse skilta. Prosjektet kom ikkje i gang i 2017, slik det var planlagt og i k-sak 77/17 blei budsjettet for 2017 sett til 0. Prosjektet er sett opp att i 2018-budsjettet. Prosjektet er ikkje avslutta.

0592 4 utleigebustader – Flyktningar

Prosjektet blei i 2017-budsjettet sett opp med ei prosjektramme på 10. mill. Det blei av projektering- og byggenemnda definert at det var behov for store familieleiligheter med 4 soverom. Materialval skulle vere av ein kvalitet som tolte hyppig skifte av leigetakarar. Ein 2-mannsbustad skulle byggast i Kyrkjebygda og ein 2-mannsbustad skulle byggast i Treungen. Etter at anbodet hadde vore ute blei det klart at det var behov for å styrkje ramma med 2.340.000. Dette blei gjort i 1. tertial. Bustaden i Kyrkjebygda var klar til innflytting i november. Bustaden i Treungen skulle opphavleg vere klar til 1. april. Av den grunn blei budsjettramma redusert med 4,1 mill. i k-sak 77/17. Men progresjonen på bygginga av bustaden i Treungen gjekk mykje raskare enn opphavleg plan, og den var nær ferdigstillt ved årsskifte. Det blei derfor ei overskriding av budsjettet i 2017 på dette prosjektet på 2,7 mill. Men ein legg til grunn at prosjektet vil bli avslutta i samsvar med gjeldande prosjektramme på kr 12.340.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0593 4 omsorgsbustader – omsorgsenteret

Prosjektet blei sett opp i 2017-budsjettet med ei prosjektramme på 8 mill. Det blei ein lengre diskusjon i projektering- og byggenemnda om lokalisering av desse bustadene. Det kom og eit innspel frå fag-nivå om å gjere ei re-vurdering av behov og evt. innretning av dette prosjektet. På denne bakgrunn av hovud-del av løyvinga trekt inn i k-sak 77/17 og prosjektet blei sett opp i 2018-budsjettet med ei budsjettramme på kr 7.995.000, då det hadde påløpt nokre mindre projekteringskostnader i 2017. Prosjektet er ikkje avslutta.

0594 Oppgradering av Microsoft office

Prosjektet blei sett opp i 2017-budsjettet med ei prosjektramme på kr 450.000. På bakgrunn av at arbeid med ny avtale med driftsleverandør av IT-tenester blei prosjektet utsatt noko, då det ville vere ein stor fordel at val av leverandør var gjort før dette prosjektet blei sett i gang. Val av ny leverandør er nå gjort og høgst truleg blir det gjort ei endring i høve til lisensregime, som gjer til at behovet for oppgradering vil bli ei driftsutgift. Prosjektet er i utgangspunktet sett opp att i 2018-budsjettet som eit investeringsprosjekt, men dette vil ein kome attende til i 1. tertial. Prosjektet er omdefinert til driftsutgift.

0595 Vass- og avløpsledning – Eriksneset/Treungen Hyttegrend

I kommunestyresak 88/16 blei det innarbeidd ei løyving på 0,9 mill. til dette prosjektet. Bakgrunn for prosjektet var eit initiativ frå utbyggar i området om å felles utnytting av grøfter til straum og VA. I tillegg kom at legging av VA-leidningar ville bli meir komplisert etter at høgspenteleidningar var lagt. I k-sak 77/17 blei det meldt at prosjektet var ferdigstillt og prosjektramma blei redusert med kr 240.000. Denne endringa viste seg å byggje på feil grunnlag og ein legg nå til grunn at prosjektet vil bli avslutta i tråd med opphavleg prosjektramme på kr 900.000. Den feilen som blei gjort i k-sak 77/17 gjorde då til at prosjektet fekk eit meirforbruk i høve til gjeldande prosjektramme/-budsjett på kr 138.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0596 Utbyggingsavtale – Felehovet nord, Felt C

Prosjektet var sett opp med ei prosjektramme i budsjett 2017 på kr 2.524.000. I 1. tertial blei budsjettet for prosjektet endra då det hadde kome i gang allereie i 2016 og budsjettet blei redusert med kr 789.000 (ingen endring av prosjektramme). Prosjektet blei fullført i 2017, men det står att sluttokumentasjon og sluttrekning. Prosjektet er i samsvar med budsjett 2017. Det vert lagt til grunn at prosjektet vert avslutta i 2018 innafor attståande del av prosjektramma (kr 255.000). Prosjektet er ikkje avslutta.

0600 Nissedal renseanlegg – ny inntaksrist

I k-sak 4/17 blei det løyva kr 300.000 til dette prosjektet. Ny rist blei montert hausten 2017 og fungerer bra. Prosjektet blei avslutta kr 24.000 under prosjektramme/budsjett. Prosjektet er avslutta.

0601 Utviding av driftsovervaking – vatn og kloakk

I k-sak 4/17 blei det løyva kr 1.000.000 til dette prosjektet. Driftsovervakinga er utvida med 2 trykkakarar for vatn og 3 kloakkpumpestasjonar er tilknytt driftsentralen i 2017. Dette fungerer svært bra. Prosjektet er avslutta i samsvar med gjeldande prosjektramme/budsjett.

0603 Ladestasjon – Treungen

Prosjektet blei innarbeidd i budsjettet i 1. tertial med ei prosjektramme på kr 625.000. Ladestasjonen er ferdigstillt og tatt i bruk. Prosjektet er avslutta kr 131.000 under prosjektramme/budsjett.

0604 Anleggsbidragsavtale – Naurak, ø. del felt 1-kloakk

I k-sak 5/17 blei det løyva kr 955.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert med kr 420.000 på bakgrunn av progresjon. For rekneskapen 2017 syner det eit godt samsvar mellom rekneskap/budsjett. Prosjektet vert rekna for å bli fullført i samsvar med gjeldande prosjektramme i 2018. Prosjektet er ikkje avslutta.

0605 Svivkollen hyttefelt – vass og avlaupsleidning

Prosjektet blei handsama i k-sak 29/17 og innarbeidd i budsjettet i samband med 1. tertial med ei prosjektramme på kr 3.152.000. I k-sak 77/17 blei budsjett redusert med kr 1.850.000 på bakgrunn av endra progresjon. Ved årsskifte var det eit mindre avvik mellom rekneskap/budsjett på kr 50.000. Prosjektet vil bli avslutta i 2018 i samsvar med gjeldande prosjektramme. Prosjektet er ikkje avslutta.

0606 Utviding av VA-nettet i Nordbygda – Volline gård

Prosjektet blei handsama i k-sak 30/17 og innarbeidd i budsjettet i samband med 1. tertial med ei prosjektramme på kr 1.000.000. Prosjektet blei ferdigstillt i 2017. Meir fjell og vanskelegare grunnforhold enn venta, samt forlenging av leidningsnettet med 50 meter ga ei overskriding av prosjektramme/budsjett med kr 234.000. Prosjektet er avslutta.

0607 Etablering av kommunal vassforsyning i Bjønntjønn hyttegrend

I k-sak 43/17 blei det løyva kr 4.100.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert ned til 0 på bakgrunn av at overtakingstidspunkt i avtalen med grunneigar blei sett til 01.01.18. Prosjektet er sett opp i budsjett 2018 med kr 4.100.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0608 Ånundsbuoddane-hovudgrøft og internett

I k-sak 42/17 blei det løyva kr 3.579.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert med kr 1.322.000 på bakgrunn av progresjon i prosjektet. Det er godt samsvar mellom budsjett/rekneskap på prosjektet, då det er eit lite meirforbruk på kr 26.000. I tillegg er det innbetalt kr 450.000 meir i anleggsbidrag enn kva budsjettet la opp til. Prosjektet vil bli fullført i 2018. Prosjektet er ført opp med eit budsjett i 2018 på kr 1.322.000. Prosjektet er ikkje avslutta.

0609 Prosjektering – hovudleidning – Treungen-Kyrkjebygda

I k-sak 56/17 blei det løyva kr 1.700.000 til prosjektet. I k-sak 77/17 blei budsjettet redusert med kr 1.175.000 til 525.000 på bakgrunn av progresjon i prosjektet. Ved årsskifte var det nytta kr 367.000 mindre enn budsjett. Prosjektet er sett opp i budsjett 2018 med kr 1.175.000. Det er forventa at prosjektet vil bli fullført jf. gjeldande prosjektramme og ein må derfor styrke budsjett 2018 med unytta løyving frå 2017. Prosjektet er ikkje avslutta.

0621 Eriksneset hyttefelt – VA-planer og anleggsbidrag

I k-sak 71/17 blei det løyva kr 1.695.000 til dette prosjektet. Diverre blei ikkje dette vedtaket innarbeidd i budsjettet og prosjektet framstår dermed utan budsjett ved rekneskapsavslutninga for 2017, for den delen av prosjektet som har påløpt før årsskifte (kr 300.000). Prosjektet vil bli innarbeidd i budsjettet i 2018.

Investeringsrekneskapen oppsummert

Investeringsrekneskapen for 2017 er gjort opp i balanse. Men ser ein sum utgifter/finansieringsbehov i rekneskapen (43,2 mill.) opp mot budsjett på 39,9 mill., ser ein eit samla "meirforbruk" på 3,3 mill. Dette utgjer eit avvik på over 8%. Dette avviket er spreidd ut på fleire prosjekt og det er vanskeleg å trekke fram enkeltprosjekt som forklaring på dette avviket. Men i hovudsak er det tale om endring i progresjon og i liten/ingen grad tale om overskridingar av prosjektrammer.

Av sum finansiering på 42,8 mill. er 26,6 mill. bruk av lån. Med andre ord er 62% av investeringane i 2017 finansiert med lån. På bakgrunn av mange anleggsbidragsavtaler som er heilt/delvis finansiert med anleggsbidrag, så framstår nok graden av bruk av lån lågare enn kva som er realiteten for investeringar i kommunen.

4. Driftsrekneskapen (jf. økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1A/1B og note 17)

Økonomisk oversikt drift

Oversikten syner at driftsinntektene har hatt ein auke på 5,7% frå 2016 til 2017. (utgjær 10,2 mill.). I driftsinntekter ligg både salsinntekter, midlar til ordinær drift og ev. øyremerka midlar til ymse føremål, så det kan vere naturlege svingingar frå år til år. Ein vekst i inntekter på 5,7% kan gje eit uttrykk for at det samla handlingsromet til Nissedal kommune har auka. Men når ein tek omsyn til at kommunen har overtatt fakturering av renovasjon, og renovasjonsgebyra blir transport vidare til IATA (utgjær 5,6 mill.), så forklarar dette meir enn halvparten av veksten i inntekter. Av andre inntekter som har gått opp, samanlikna med rekneskapen 2016 er: Integreringstilskot har auka med 4,3 mill., skatt/rammetilskot har auka med 3,5 mill. Ein fekk ein sterk vekst mot slutten av 2017 i skatteinntektene, som i stor grad forklarar veksten i skatteinntekter. Det må og nemnast at inntekt på eigedomsskatt gjekk ned med 1,4 mill., som har sin bakgrunn i reduserte takster på kraftverk.

Driftsutgiftene har auka med 14,1 mill. frå 2016 til 2017, der vekst i lønsutgifter utgjær omlag halvparten (7,7 mill.).

Som ein ser har inntektene ein svakare vekst enn utgiftene og dette gjer til at netto driftsresultat blir redusert frå 2016 på 4,3% (7,8 mill.) til 2,2% (4,2 mill.) i 2017. Men utviklinga her blir påverka av sjølvkost VA. Både i 2016 og 2017 la ein opp til eit gebyr-nivå innan VA som skulle gje at ein "tærte" på sjølvkostfonda. Men i 2017 kom det inn tilkoplingsavgifter så ein likevel måtte avsette til fond (2,9 mill.). I 2017 er det derimot blitt brukt 2,1 mill. av sjølvkostfond. Dersom ein tek omsyn til dette ("ekskluderer" VA-sektoren), så ville ein hatt eit netto driftsresultat i 2016 på 3,2% og i 2017 3,3%. Ein kunne då seie at den økonomiske stoda var nokolunde lik i 2017 som i 2016. Uansett ligg resultatet over målsetning om 1,75%, som er sett som eit mål for å vurdere om ein kommune har ein sunn økonomi.

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.058.000 vert kommentert under.

Rekneskapsskjema 1A – Sentrale inntekter og avsetnader, finansinntekter og –utgifter

Sentrale inntekter

Anslag på skatteinngangen blei 1. tertial redusert med 2 mill. Dette på bakgrunn av svikt i skatteinngangen 4 første månadene. I 2. tertial var utviklinga betra og ei la inn ein auke att på 0,5 mill. Budsjettert skatteinngang blei sett til kr 33.050.000. Dei siste månadene blei det ein, som i resten av landet, ein sterk vekst i skatteinngangen (særleg november), slik at sluttresultatet blei kr 35.708.000, altså 2,7 mill. meir enn budsjettert. Nissedal hadde ein vekst i skatteinntektene på 5,3%, som er over vekst på nasjonalt nivå (4,5%). Samla blei skatt/rammetilskot 1,2 mill. over budsjett.

I budsjettet var det lagt til grunn kr 14.580.000,- i eigedomsskatt, der 9,1 mill. kom frå verk&bruk/næring og 5,5 mill. frå bustader/hytter. Det var godt samsvar mellom budsjett og rekneskap, kr 50.000 i meirinntekt. Gjennom tertialkontrollane blei anslaget på eigedomsskatt justert opp med kr 800.000, der størstedelen gjaldt eit etteroppgjær for 2015 og 2016 på 5 kraftverk (0,5 mill.).

Integreringstilskotet blei i tertialkontrollane og k-sak 77/17 auka med kr 1,6 mill. til kr 13.898.000. Rekneskapen synte ei inntekt på kr 13.948.000. Bakgrunn for å endring i integreringstilskotet var at budsjettet la til grunn mottak av 10 flyktingar, mens dette blei endra i løpet av året til 17.

Totalt blei frie skatteinntekter og overføringar kr 131.434.000., som er 1,3 mill. meir enn budsjettert.

Netto finansinntekter/-utgifter

Renteinntekter totalt blei kr 860.000. Dette er kr 154.000 meir enn budsjettert. Årsaken til denne meirinntekta ligg til ein viss grad i at fleire investeringsprosjekt blei noko forseinka, og ein dermed fekk noko høgare bankinnskot. I tillegg blei renteinntekter på formidlingslån høgare enn budsjett.

Avdrag på lån var kr 7.700.000, som er kr 18.000 under budsjett. Renteutgifter var kr 2.497.000 som er kr 70.000 under budsjett. Vurderer til at det er godt samsvar mellom budsjett/rekneskap på renter/avdrag.

I sum har netto finansutgifter/-inntekter eit mindreforbruk på kr 241.000.

Netto avsetnader

Det er, jf. budsjett, avsett 8,5 mill. til disposisjonsfond og det er nytta 1,4 av disposisjonsfond. Pr. 31.12.17 utgjer felles buffer utgjer 8,7 mill. og einingsfond 1,6 mill. (Dette før det er gjort ei vurdering av resultatansvaret for 2017).

Til fordeling drift

Til fordeling drift frå skjema 1B er 120,4 mill. i høve til sum fordelt til drift som er 116,3 mill., gir eit mindreforbruk på 4,1 mill.

Driftsrammene (jfr. rekneskapsskjema 1B)

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjettamma (over kr 50.000) og budsjettavvik vert i det etterfylgjande kommentert. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivingar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje kommentert i særleg grad. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Rådmannen fremmar eiga sak etter at rekneskapet er godkjent, som gjer ei nærare vurdering av det enkelte rammeområde sitt rekneskapsresultat.

Felles

Dei viktigaste tiltaka i budsjettvedtaket var:

- Selskapskontroll kontrollutvalet kr 50.000
- Overføring Frivilligsentral lagt under felles/rådmann kr 580.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke i konsesjonskraftinntektene kr 150.000
- Lønspott heile kommunen styrka med kr 425.000
- Auke i pensjonsutgifter heile kommune kr 265.000
- Støtte til Bygdekvinnelaget og Historielaget kr 102.000

Felles har eit mindreforbruk på kr 724.000. Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Meirinntekt konsesjonskraftinntekter kr 216.000
- Mindrekostnader IT-kapittel kr 100.000
- Løyving til Bygdekvinnelaget kr 52.000 ikkje utbetalt
- Avsett sum pensjonsutgifter kr 265.000 ikkje fordelt

Årsoppgjer konsesjonskraft for 2016 blei høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Denne summen blei diverre ikkje teke omsyn til ved budsjettjusteringane. I 2017 har det vore minimalt med skader/uforutsette utgifter som oppstår ved t.d. torever. Dette har medverka til at utgiftene til felles IT-utgifter blei kr 100.000 under budsjett. Det blei løyva kr 52.000 i støtte

til Bygdekvinnlaget til innkjøp av sykkel som skal nyttast som ein del av eit aktivitetstilbod. Innkjøp av denne sykkelen er blitt utsatt og av den grunn blei heller ikkje stønadssummen utbetalt i 2017. I 1. tertial blei det teke høgde for auke i pensjonsutgiftene (KLP) for heile kommunen, stipulert til kr 265.000. Dette blei sett av samla under felles og skulle fordelast seinare. Men på bakgrunn av at rekneskapen synte at utgifta blei omlag jf. opphavleg budsjett blei ikkje summen fordelt ut på dei ulike rammeområda.

Eining for skule

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Forskotering av ledige lønsmedel (red. ramme) kr 500.000
- 50% stilling Kyrkjebygda frå 1/8-17 kr 138.000
- 40% to-språkleg assistent til 30/6-17 kr 84.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Innføring av 5-dagars skule Tveit skule kr 90.000
- Spesialpedagogiske tiltak (enkelttiltak) kr 315.000
- Kombinasjonsklasse Lunde vidg. kr 100.000
- Vidareutdanning av lærarar kr 72.000
- Forskotering av ledige lønsmedel redusert (auke av ramme) kr 300.000
- Meirinntekter vaksenopplæring kr 360.000
- Utstyr vaksenopplæringa kr 80.000

Eining for skule har eit mindreforbruk på kr 772.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirinntekter på vaksenopplæring kr 93.000
- Budsjettert avsetning av tilskotsmidlar "Tidleg innsats" og "kompetansemidlar" ikkje gjennomført kr 289.000
- Mindrekostnad kombinasjonsklasse vidg. Kr 50.000
- Mindreforbruk lønsutgifter Fjone skule/SFO kr 281.000

Statstilskot til vaksenopplæringa blei underbudsjettert m.a. på bakgrunn av at grunntilskot frå IMDI ikkje blei teke omsyn til. Dette var bakgrunn for at budsjettposten blei oppjustert i løpet av året. I hausthalvåret kom det 3 nye elevar/flyktningar som utløyste tilskot og dette er bakgrunn for at inntekta blei over budsjettert nivå. Budsjettet la til grunn av avsetje midlar som skulle brukast i høve til arbeid i skulen opp mot prosjektet "Tidleg innsats" i 2018 og "kompetansemidlar" som skulle brukast i 2018. Denne avsetninga blei ikkje gjort og dette vil slik sett inngå i mindreforbruket i eininga og seinare i eininga sitt fond. På bakgrunn av denne utegløynte avsetninga, kan ein seie at reelt mindreforbruk i eininga var kr 483.000. På bakgrunn av ein lågare "stk.pris" pr. elev i kombinasjonsklasse og at ein av elevane slutta etter kort tid og byrja i ordinær VGO blei kostnadane kring dette halvparten av budsjettert kostnad. På Fjone skule og SFO har det ved sjukefråvær og anna fråvær i mange høve ikkje blitt leigd inn vikar. Dette har gjort at lønskostnadane har blitt kr 281.000 mindre enn budsjettert.

Eining for barnehage

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke av eigebetaling med 2,7% kr 50.000
- Utviding av SFO på Felle kr 55.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Vidareføring av to-språkleg assistent ut året kr 150.000
- Auke bemanning Felle barnehage kr 198.000

Eining for barnehage har eit mindreforbruk på kr 104.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirinntekter (eks. mva-ref. sjukepengar, fødselspengar, ref. tillitsvalte) kr 95.000

Desse meirinntektene er knyt til refusjon frå andre kommunane ved gjennomføring av kurs og OU-midlar frå KS. Desse inntektene skulle vore teke omsyn til i budsjettet ved å oppjustere ulike løns/vikarpostar, då desse inntektene er relatert til opplærings-tiltak som har auka lønsutgiftene. Med andre ord er mindreforbruket i realiteten knyt til mindreforbruk i høve til vikar som skuldast bruk av "billigare" vikarar ved frávær/permisjonar og at det til tider ikkje har vore mogleg å få vikarar.

Eining for kultur

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Forlengje engasjement flyktningkonsulent 40% til 30/6-17 kr 110.000
- Kulturskule-jubileum kr 50.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Vidareføre styrking av flyktningkonsulentressurs (40%) kr 142.000
- Fjerne eigebetaling for lag./org. for bruk av Fleirbrukshuset kr 50.000
- Styrking av ulike postar flyktningarbeidet kr 654.000

Eining for kultur har eit meirforbruk på kr 366.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirforbruk på ansvar flyktningar kr 148.000
- Meirforbruk musikk- og kulturskulen 41.000
- Meirforbruk bibliotek kr 38.000
- Meirforbruk arrangement/kulturkveld kr 44.000
- Underskot kiosk-sal 14.000
- Meirforbruk kulturadm./tiltak kr 82.000

Justering av budsjett som blei gjort i 2. tertial tok nok ikkje fullt ut høgde for utgifter knyt til flyktningar som blei busett i november/desember. Meirforbruket på flyktning er m.a. knyt til introduksjonsløn (kr 87.000) og ekstrahjelp (som m.a. er bruk av miljøarbeidet) kr 50.000.

Arrangering av kulturkveld og 25-års jubileum gav og eit meirforbruk i høve til budsjett på omlag kr 40.000.

Elles er det mange mindre avvik som i sum gir at eininga ender opp med eit meirforbruk på kr 366.000, som gir ein forbruks-% på over 106%, som må seiast å vere særst høgt.

Eining for helse og habilitering

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Avslutte dagplassar på KVITO kr 350.000
- Eff./red. bemanning tenester for funksjonshemma kr 200.000
- Auke 20% helsesyster kr 125.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke utg. barnevern kr 90.000
- Redusert kostnad støttekontakt psykiatri kr 50.000
- Red. tilskot ressurskrevjande brukarar ved endring i grunnlag kr 400.000

Eining for helse og habilitering har eit mindreforbruk på kr 834.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreutgifter tiltak barnevern kr 777.000
- Mindreforbruk Kåsa kr 86.000
- Meirforbruk legekantor kr 186.000
- Mindreforbruk psykiatri kr 77.000
- Mindreforbruk Mila kr 78.000

I 1. tertial blei post for tiltaksutgifter redusert med kr 150.000. I 2. tertial var eit nytt tiltak sett i verk som ville gje kostnader for 2. halvår med kr 240.000. Då sluttoppgjer kom synte det seg at kostnaden til tiltaksutgifter var heile kr 777.000 under budsjett. Dette er informasjon ein burde ha fått fram på eit tidlegare tidspunkt. På Kåsa er det mindreforbruk på løn og utgifter til personleg brukarstyrt assistent. Dette gjer til at grunnlaget for krav om tilskot til ressurskrevjande brukarar går ned, men gir at Kåsa samla får eit mindreforbruk på kr 86.000. Meirforbruk på legekantoret kan knytast til reduksjon av inntekter (eigenandelar/ref. NAV). Delar av dette inntektstapet er dekt opp av reduserte lønsutgifter og reduserte driftsutgifter. Legekantoret har blitt meir effektive og derfor har behovet for konsultasjonar gått ned. Delar av lønsutgiftene på psykiatri er ført på eige prosjekt som kommunen har fått tilskot til. Dette gjer til at det blir eit mindreforbruk på løn på psykiatri på kr 77.000. Mindreforbruket på Mila på kr 78.000 er knyt til mindreutgifter på driftspostar og meirinntekt på sal.

Eining for omsorg

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke inntekter ved sal av plassar kr 100.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Tilbakebetaling av etteroppgjer oppholdsbetaling kr 300.000
- Kostnader ved overgang til digitale TV-signal kr 75.000
- Kjøp av vaskedekontaminator/vaskestativ/reinhaldsutstyr/heis kr 223.000
- Auke i oppholdsbetaling/eigenbetalingar kr 285.000
- Auke materiellkostnad sårbehandling kr 121.000
- Aksept for å dekke inn meirforbruk 2016 med meirinntekter kr 389.000

Eining for omsorg har eit meirforbruk på kr 477.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Lønsutgifter er kr 509.000 over budsjett.
- Mindreinntekter opphaldsbetaling/eigebetalings/sal kr 60.000
- Meirinntekter refusjon arbeid/kostnad vedr. velferdsteknologi.

For eininga sett under eitt er overtid kr 287.000 budsjett. Post for ekstrahjelp er kr 95.000 over budsjett. I tillegg er sjukepengerefusjon overbudsjettet med kr 444.000. Dette vil i realiteten seie at post for vikar er overskridi med tilsvarende sum. Fordelt på avdeling er dei største avvika på løn knyt til kjøkken (kr 105.000) og somatisk avdeling (kr 488.000). På inntekter er eigenbetaling/opphaldsbetaling/salsinntekter kr 60.000 under budsjett. Det motteke i refusjon kr 60.000 for arbeid knyt til velferdsteknologi, som ikkje var budsjettet med. Inntekter sett under eitt er i samsvar med budsjett.

Eining for teknisk drift

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Sum radon-tiltak redusert kr 100.000
- Opplæring brannkonstablar kr 100.000
- Nye takstein på mur-bygg Tveit skule kr 160.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Nytt utstyr brannvesenet kr 315.000
- Opplæring/førarkort utrykking brannvesenet kr 100.000
- Utbetringar brannskadd utleigebustad Framnes kr 100.000
- Asfaltering av kommunale vegar overf. investering kr 600.000
- Meirkostnad straum kr 150.000

Eining for teknisk drift har eit mindreforbruk på kr 71.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Nytt tak murbygg Tveit Skule ikkje gjennomført kr 160.000
- Leigeinntekter kommunale bustader kr 248.000 over budsjett
- Utgifter til utrykking brann kr 103.000 over budsjett
- Konsulentrapport om bruer/ kulvertar på kommunale vegar kr 103.000
- Prosjektering/ombygging Kyrkjebygda oppvekstsenter kr 120.000

Oppdraget med legging av nytt tak på murbygget er blitt tildelt entreprenør, og oppdraget skulle vore utført hausten 2017. Det blei av ulike grunnar utsatt til 2018. Det har vore ein del endringar i bustadmassa for utleige. Nye har kome til og nokre har vore ute av drift delar av året. Sluttresultatet blei at inntektene blei kr 248.000 over budsjett. Løn til utrykning brannmannskap blei kr 103.000 meir enn budsjettet. Noko av dette kan relaterast til gjennomført opplæringstiltak. Sikkerhet og tilstand på kommunale bruer skal inspiserast jamnleg for å ivareta trafikktryggleiken. Det blei derfor gjennomført ein gjennomgang av alle bruer/kulverter på kommunale vegar. Denne rapporten hadde ein kostnad på kr 103.000. Rapporten synte at det er behov for fleire større utbetringar på kommunale bruer. Kostnader til ombygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter er ført i driftsbudsjettet. Ombyggingar som er mellombelse vil uansett vere driftsutgifter. Ombyggingar som er av varige vil normalt vere investeringsutgift. Men då det ikkje var løyva ei ramme til dette før årsskifte blei og desse ført i drift. Det blei løyva kr 100.000 til prosjektering av ombygg/påbygg Kyrkjebygda oppvekstsenter. Men ved ein feil blei ikkje denne løyvinga registrert i investeringsbudsjettet. Det er av den grunn ført nokre mindre prosjekteringsutgifter i driftsbudsjettet.

Sjølvkost Vatn og Kloakk (sjå også Note 13 i årsrekneskapet)

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Årsgebyrintektene på vatn og kloakk redusert med 20%

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ingen

Sjølvkostområdet VA har eit mindreforbruk på kr 174.000.

Mindreforbruket på rammeområdet på kr 174.000 skuldast høgare kalkulatoriske rentekostnader enn budsjettet, og dermed mindre avsetnad til sjølvkostfond.

Interkommunalt plankontor

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Auke i eigebetaling/gebyr med 2%, kr 20.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ingen

Plankontoret har eit mindreforbruk på kr 236.000.

Mindreforbruket til Plankontoret kan ikkje knytast til enkeltpostar, men som eit resultat av samla meir-aktivitet på plan, oppmåling og byggesak. Sjølvkostberekningane for oppmåling og byggesak viser dekningsgrad på 100,8% og 109,4%. Overskotet er ikkje sett av til

sjølvkostfond, då det er avrekna mot underskot frå tidlegare år. Ved inngangen til 2018 er akkumulerte underskot siste 5 år for oppmåling kr 90.000 og for byggesak kr 448.000.

NAV:

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke kostnad til livsopphald kr 730.000
- Heilår "Re-start" – aktivitetsplikt kr 720.000
- Antatt effekt/reduksjon av sosialhjelp for tiltaket "Re-start" kr 200.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Engasjement – Bistand flyktingar på hybel ved skulegang kr 50.000
- Unytta midlar til kvalifiseringsstønad trekt ut kr 250.000

NAV har eit mindreforbruk på kr 433.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp (inkl. lån) kr 486.000
- Meirforbruk på løn kr 44.000

Mindreforbruket på sosialhjelp må vurderast opp mot at ramma blei i opphavleg budsjett styrka med kr 530.000 (netto). Ved å taka omsyn til mindreforbruket er resultatet kr 44.000 over nivå frå opphavleg budsjett 2016. Nedgangen kom særleg til syne 2. halvår og ein bør derfor sjå særskilt på denne posten ved 1. tertial 2018. Meirforbruket på løn skriv seg til nivå 1. halvår.

Næring/reiseliv

Dei viktigaste tiltaka i budsjett 2017:

- Ingen

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Etablering av breibandutbygging i driftsbudsjettet

Næring/reiseliv har eit mindreforbruk på kr 24.000. Storparten av utgiftene innan dette rammeområdet er i utgangspunktet finansiert med øyremerka midlar frå diverse fond. I budsjettet for 2017 blei delar av drifta finansiert med ordinære driftsmedel, og rammeområdet hadde ei netto driftsramme på kr 77.000. Mindreforbruket er knyt til fleire mindre avvik.

5. Balansen

5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var ved årsskifte 34,6 mill. Dette er ein auke på 6,5 mill. frå 2016. Langsiktig gjeld (lån) var ved årsskiftet 166 mill. mot 146 mill. i 2016, ein auke på 13,7%.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2013	2014	2015	2016	2017
Husbanken	3 860	4 358	4 841	7 520	7 185
Sparebanken Sør	4 094	4 094	4 094	3 394	2 694
Kommunalbanken	65 195	94 753	104 362	113 872	137 432
KLP Kommunekreditt	10 500	9 750	9 375	8 625	7 875
KLP	15 000	14 000	13 252	12 252	11 252
Totalt:	98 649	126 955	135 924	145 663	166 438

Auken i lånegjeld siste 5 år er i all hovudsak knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100 % dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra vore hovudbank på innlån for kommunen.

5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2013	2014	2015	2016	2017
Arbeidskapital	35 456	41 606	40 367	49 423	56 521

Arbeidskapitalen har i 2017 blitt auka med 7,1 mill. Dette heng saman med auke i omløpsmedel på 13,6 mill., samstundes som kortsiktig gjeld auka med 6,5 mill. Auken i omløpsmedel kan i hovudsak forklarast med auke i unyttå lånemedel på 2,2 mill., auke i fondsbeholdning på 5,3 mill. og mindreforbruk på 4,1 mill.

5.3 Utestående fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringsystemet)

Alle tal i 1000	2013	2014	2015	2016	2017
Sum restanse	476	420	1 177	497	772
Eldre enn 6 mnd	12	45	28	12	30

Restansar totalt er auka med kr 275.000 og eldre enn 6 mnd. er auka med kr 18.000. Den største summen av restansar er kommunale avgifter (inkl. eigedomsskatt). Siste termin forfaller rett før jul. Dette gjer til at forfalt sum ved årsskifte er såpass høg. Fakturert sum i 2017 inneheld og renovasjon, slik at sjølv om skuldig sum er auka er ikkje tal på krav auka tilsvarande. Skuldig sum fordeler seg til kommunale avgifter med kr 562.000, husleige/div. teknisk drift kr 3.000, barnehage/SFO kr 34.000, legerekningar kr 13.000, omsorg/Kåsa kr 26.000, kultur 2.000, fellestenesta 27.000 og gebyr plankontoret kr 105.000.

Det som er særst viktig er utviklinga på eldre restansar og her viser tabell over at nivået jamt over er særst lågt. I 2017 blei krav for kr 21.000 avskrivi. Dette er og ein oppgang i høve til 2016 på kr 9.000. Krav som blei avskrivi er i hovudsak husleige og legerekningar.

5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øymerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øymerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar til føremål bestemt av politikarane og bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra. (Alle tal i tusen)

	2013	2014	2015	2016	2017
Bundne driftsfond	22 524	24 277	26 760	29 496	28 057
Ubundne investeringsfond	1 501	2 244	2 179	0	262
Bundne investeringsfond	229	452	338	1 622	2 050
Disposisjonsfond	1 074	0	0	4 226	10 274
SUM	25 328	26 973	29 277	35 344	40 643

Tabellen syner at samla fondsbeholdning har auka med 6 mill. Disposisjonsfond er auka frå 4,2 mill. til 10,3 mill, der "felles buffer" utgjer 8,7 mill. Dette gjer kommunen betre i stand til å handtere uføresette moment i drifta. Kommunen har ei stor fondsmasse der kraftfond utgjer "hovudtyngda".

6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp 1 nytt lån i 2017. Eit lån på 28,8 mill. i Kommunalbanken knytt til vedtekne investeringar.

Rapportering for passiva:

	31.12.2017		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	166,4 mill.	1,6%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	166,4 mill.		
Effektiv rente (vekta gj.sn.)		1,6%	
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)		(ikkje aktuelt)	
Tal på enkeltlån		14	
Største enkeltlån		82 mill.	

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2017		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	58,0	0,89%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsiktig likv.	0		
Avkastning 2017	0,57		
Avkastning ref. indeks (ST1X)	Ukjent		
Stadfesting av enkelteksponering ≤ 2% av forvaltningskapital	Ikkje aktuelt		
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.	Ikkje aktuelt		
Største tidsinnskot	11,8 mill. (1,26% gj.sn.)		
Største enkeltpapirplassering	Ikkje aktuelt		

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert i hovudsak teke opp med ei nedbetalingstid på 30 år. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansregelment opp til ei sær s låg risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2017 og kommunen har derfor fortsatt ein låg risikoeksponering. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

7. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Kommunestyresaker (m)	83(9)	81(9)	104(8)	108(10)	108(9)	89(8)
Formannskapssaker (m)	151(15)	132(14)	165(15)	125(13)	170(16)	152(12)
Administrasjonsutv.s.(m)	16(7)	12(4)	10(5)	3(2)	7(4)	11(4)
Arbeidsmiljøutv.s.(m)	30(10)	32(10)	30(8)	15(5)	14(5)	14(4)
Kontrollutvalsaker (m)	23(4)	20(4)	20(4)	23(4)	33(4)	34(4)
Besøktal turistinformasjon	1.725	1.707	1.717	1.964	1.491	2 150
Elevtal grunnskule	150	151	144	155	165	172
Årstimar til undervisning	13.552	16.631	13.528	15.149	16.483	15.780
Barnehageborn	79	77	85	82	78	85
Bokutlån	4.492	5.333	5.607	6.603	7.327	7.614
Besøk biblioteket	6.162	6.424	6.610	6.918	7.115	7.200
Kultur- og musikkskulen t/v	16,25	18,24	20,8	22,8	21,27	21,67
Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg frå 2012)	47	53	50	55(+52 danserar i 6mnd)	56(+31 danserar i 6mnd)	58(+31 danserar i 6mnd)
Kulturskuletimen		45	45	25	29	48
Barnevernstiltak (tal - barn)	16	24	20	13	17	12
Vedtak pleie og omsorg	167	190	162	206	248	217
NOS 19 plass+1akuttrom Sal plassar (døgn/pas.) Liggedøgnsstatistikk.	35/2 86,57%	160/4 96,95%	185/4 95,00%	3/1 104,0%	26/2 100,3%	3/1 95,23%
Dødsfall på institusjonen	11	13	11	10	11	6
- Brukarar som mottar heimesjukepleie	34	62	63	73	64	71
Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20- 3 og 20-4	132	102	95	118	158	146
- Nye frådelingar	81	84	46	91	90	121
- Godkjente reguleringsplanar	4	0	4	3	2	1
Brannutrykkingar	15	8	5	16	17	16

Talet på kommunestyresaker har i 2017 gått ned og var nede på eit 2013-nivå. Tal på saker i formannskapet går og ned frå nivå i 2016. Besøk i turistinformasjonen har auka med 44%. Dette kan indikere at omorganisering av tenesta som blei gjort i 2017 var vellukka. Talet på elevar i grunnskulen og barnehagen gjekk i 2017 opp.

8. Likestilling

8.1 Kjønnsfordeling

Kjønnsfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining)	2015		2016		2017	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Ordfører/Leiargruppe (einingssleiar, kommunalsjef, Rådmann, plansjef, NAV-leiar - inngår og i tala under)	36,36%	63,64	41,7%	58,3%	41,7%	58,3%
Felles/rådmann/ordfører/tillitsvalte	63,16%	36,84%	64,7%	35,3%	64,7%	35,3%
Eining for skule	69,77%	30,23%	72,9%	27,1%	75,9%	24,1%
Eining for barnehage	96,67%	3,33%	97,2%	2,8%	97,4%	2,7%
Eining for kultur	41,67%	58,33%	36,4%	63,6%	30,8%	69,2%
Eining for helse og habilitering	79,31%	20,69%	81,0%	19,0%	83,6%	16,4%
Eining for omsorg	100,0%	0,0%	100,0%	0,0%	98,3%	1,7%
Eining for teknisk drift	25,0%	75,0%	21,9%	78,1%	24,2%	75,8%
Plankontor	33,33%	66,67%	50,0%	50,0%	50%	50%
Totalt heile kommunen	73,75%	26,25%	74,9%	25,1%	75,6%	24,4%

(Tilsette i NAV har sitt tilsetjingsforhold i staten)

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjer fleirtalet og ein ser det held seg nokolunde på $\frac{3}{4}$ med kvinner og $\frac{1}{4}$ menn. På kultur, teknisk og leiargruppe er det overvekt av menn. Dette er nok i grove trekk same bilete som i dei fleste kommunar i landet. Ein ser at nokon einingar skil seg ut med å ha ein sær særeiv fordeling. Plankontoret utmerkar seg med ei sær jamn fordeling. Kommunen kan bli betre til å oppmode menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal.

8.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2015		2016		2017	
	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	37	99	0	6	16	59
Eining for skule	0	13	3	0	0	0
Eining for barnehage	36	818	19	818	50	984
Eining for kultur	0	943	0	1.303	0	1.451
Eining for helse/habillitering	268	32.329	250	31.959	347	31.987
Eining for omsorg	924	36.822	615	37.553	1.029	38.034
Eining for teknisk drift	562	0	945	0	942	0
Plankontor	0	0	0	0	0	0
Totalt heile kommunen	1.827	71.024	1.832	71.639	2.384	72.515

Tabellen syner tal på timar det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timar det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein auke i bruk av overtid og det er helse/habillitering og omsorg som står for storparten av denne veksten. Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. På bakgrunn av at desse 2 einingane og har hovudsakleg kvinnelege tilsette er det og ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

8.3 Lønssnivå

Lønssnivå – Kjønn	2015		2016		2017	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	Kr 414 467	Kr 652 557	Kr 418 900	Kr 651 750	Kr 417.682	Kr 667.950
Eining for skule	Kr 470 440	Kr 493 085	Kr 480 502	Kr 499 530	Kr 487.320	Kr 507.650
Eining for barnehage	Kr 410 824	Kr 283 000	Kr 409 357	Kr 290 300	Kr 425.119	Kr 299.800
Eining for kultur	Kr 451 160	Kr 445 429	Kr 484 500	Kr 461 200	Kr 504.800	Kr 469.133
Eining for helse og hab.	Kr 406 333	Kr 488 208	Kr 412 150	Kr 436 318	Kr 440.047	Kr 446.950
Eining for omsorg	Kr 402 627	-	Kr 420 458	-	Kr 432.154	Kr 333.300
Eining for teknisk drift	Kr 382 075	437 250	Kr 389 800	Kr 452 704	Kr 399.675	Kr 484.248
Plankontor	Kr 465 900	Kr 558 000	Kr 503 666	Kr 577 666	Kr 517.367	Kr 593.667
Tot. heile kommunen	Kr 417 231	Kr 499 447	Kr 428 563	Kr 481 412	Kr 444.756	Kr 497.490

Snittløn for heile kommunen (menn og kvinner samla) er kr 457.613.

Tala er berekna utifrå årsløn i 100% stilling. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget. Som ein ser ligg gjennomsnittsløna for menn over kvinner, totalt for heile kommunen. Lønsskilnaden på kvinner og menn i kroner er på same nivå i 2017 som den var i 2016. I 2016 var gjennomsnittleg løn for kvinner 89% av gjennomsnittleg løn for menn. I 2017 er gjennomsnittleg løn for kvinner 89,5% av gjennomsnittleg løn for menn. I fleire einingar er det få tilsette i kjønnsgruppa det er færrast av, og lønssnivået heng då direkte saman med ei konkret stilling. Lønssnivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. Menn er betydeleg overrepresentert blant t.d. ingeniørar, og kvinner er betydeleg overrepresentert blant ufaglærte og assistentar.

8.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2015		2016		2017	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	55,9%	79,6%	72,3%	91,3%	73,3%	88,7%
Eining for skule	82,5%	78,6%	80,8%	72,3%	80%	68,9
Eining for barnehage	80,7%	100%	80,8%	100%	81,2%	100%
Eining for kultur	45,4%	32,4%	63,8%	39,3%	61,4%	37,5%
Eining for helse og habillitering	62,2%	67%	60,4%	54,9%	62,9%	46,4%
Eining for omsorg	63%	-	69,5%	-	66,8%	75%
Eining for teknisk drift	80,6%	30,9%	82,7%	31,3%	85%	32,1%
Plankontor	97,5%	100%	96%	100%	100%	100%
Tot. heile kommunen	68,7%	56,6%	72,3%	53,8%	72,5%	51,8%

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er **67,4%**. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Ein viktig faktor her er deltidsbrannvesenet, som har 16 menn tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette er gjennomsnittleg stillings-% for menn, 82,6%, som er ca. 10 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for kvinner. I perioden har gjennomsnittleg stillings-% auka noko for kvinner gått noko opp og for menn blitt noko redusert. Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje fullt ut teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men i stor grad er bruken av deltid i kommunen frivillig.

8.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

I budsjettet for 2017 var det avsett felles opplæringspott på kr 350.000. Denne potten blei fordelt av AMU i sak 1/18 slik:

Eining for barnehage – vidareutdanning kr 98.700
 Eining for skule – vidareutdanning lærar kr 84.000
 Eining for teknisk – grunnkurs kr 50.000
 Eining for omsorg – Fagkurs kr 30.640
 Eining for kultur – Fagkurs kr 40.000
 Leiargruppa – Fagkurs kr 32.000

Udisponerte opplæringsmedel kr 14.660.

Totalt blei det brukt kr 655.000 til opplæring/kurs/møteutgifter totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet kr 818.000.

8.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av kvotering eller andre vedtekne rekrutteringsstrategiar.

9. Fråvær

Sjukefråvær:	2013	2014	2015	2016	2017
Felles/rådm./till.v./ordf.	3,29%	3,07%	7,22%	2,10%	
Eining for skule	5,14%	3,27%	2,76%	5,66%	
Eining for barnehage	7,24%	9,29%	8,94%	9,05%	
Eining for kultur	0,93%	3,32%	1,03%	2,79%	
Eining for helse og hab.	9,39%	3,19%	4,46%	8,18%	
Eining for omsorg	7,14%	6,84%	9,26%	7,37%	
Eining for teknisk drift	9,25%	2,74%	8,44%	12,5%	
Plankontor	2,79%	1,25%	2,43%	7,82%	
Sjølvkost vatn/kloakk	0,46%	1,02%	0,34%	1,22%	
Næring				1,03%	
Totalt heile kommunen	6,94%	4,86%	5,92%	7,21%	6,83%

På bakgrunn av tekniske utfordringar/omleggingar av lønssystemet til kommunen er det ikkje mogleg å produsere fråværs-% pr. eining.

Sjukefråværet har gått opp med 0,9 prosentpoeng sidan 2015 og IA-målet om å kome ned på (eller under) 5%, er dermed ikkje oppnådd i 2017. Som ein ser av tabell over er det kun i 2014 ein har klart IA-målet i høve til fråvær.

10. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningsliner, som er vedteke i K-sak 26/08. Etiske retningsliner blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningsliner.

11. Årsverk/løn/revisjon

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2015	2016	2017	Utv. 2015-2017
Ordførar	1,00	1,00	1,00	0
Rådmann/felles/næring	10,44	12,43	12,38	1,94
Eining for skule	34,13	37,67	44,84	10,71
Eining for barnehage	24,44	29,28	31,04	6,60
Eining for kultur	4,05	5,30	5,82	1,77
Eining for helse og hab.	37,27	34,43	36,71	-0,56
Eining for omsorg	40,07	38,25	38,15	-1,92
Eining for teknisk drift	14,02	13,61	14,82	0,8
Plankontor	5,95	5,88	6,00	0,05
Totalt heile kommunen	171,37	177,86	190,76	19,39

Talet på tilsette ligg etter måten høgt i Nissedal kommune og kan i grove trekk forklarast med ein desentralisert struktur, mange ressurskrevjande brukarar og mange tilsette innan eldreomsorg. Ein del av veksten i årsverk frå 2015 kan knytast til flyktingar. Dette gjeld for kultur, barnehage og skule. Frå 2016 er frikjøp tillitsvalte teke med under felles.

Oversikt over løn toppløing:

Årleg godtgjersle til ordførar var pr. 31.12.17 kr 770.900, og utgjør 85 % av godtgjersla til ein stortingsrepresentant. Rådmannen si årsløn pr. 31.12.17 var kr 800.000.

Revisjon:

Utgifter til revisjon utgjorde kr 438.500 for 2017. I tillegg til revisjon av kommunerekneskapen dekker dette beløpet revisjon av fellesrådet, overformynderi og forvaltningsrevisjon. Det er ikkje spesifisert fordeling mellom revisjon og rådgiving. Sum for gjennomført forvaltningsprosjekt er spesifisert til kr 33.300.

Utgifter til kontrollutval-sekretariat utgjorde kr 96.400 for 2017.

12. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Budsjettet for 2017 blei vedteke med eit netto driftsresultat på 0,65%. Dette blei endra til eit sluttresultat på netto driftsresultat på 2,2%. Denne utviklinga har gjentatt seg 3 år på rad nå. Ein har dermed klart å bygge opp att ein økonomisk reserve, slik at ein ikkje er så sårbar for uforutsette utgifter eller negative endringar i økonomiske føresetnader. Ein kunne dermed seie at dette indikerer at kommuneøkonomien i Nissedal er "friskmeldt" etter nokre år der ein har brukar opp alle økonomiske reserver.

Gjeldande økonomiplan, som blei vedteke i desember 2017, gir eit bilete av den økonomiske utviklinga med ei utfordring med balanse i drifta utover i planperioden. Dette m.a. på bakgrunn av utfasing av den positive effekten integreringstilskot flyktningar har hatt på budsjettbalansen og nedgang i kraftinntektene. Dette er moment som framleis er gyldige og ein vil dermed framleis innrette økonomistyringa med sikte på at det økonomiske handlingsrommet i komande planperiode ikkje blir utvida.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost, men det er ei smertegrense for kor mykje ev. gebyra kan aukast. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vert ikkje vurdert som stor risiko for at anna kommunal drift må subsidiere desse tenestene. Utvikling av nivå på VA-gebyra siste åra er ei stadfesting av dette.

Totalt sett vurderer ein den økonomiske stoda framleis som stram, men under kontroll.

Sverre Sæter
Rådmann
Treungen 22. mars 2018

13. KOSTRA-TAL

Kommunane har sidan 2001 rapportert sin ressursinnsats på ulike tenesteområde gjennom *Kostra-rapportering*. Rekneskapstal og rapportering av indikatorar for aktivitet og kvalitet skal saman med ulike demografiske opplysningar gje grunnlag for å samanlikne kommunane sine prioriteringar, kvalitet og effektivitet.

Nissedal kommune er klassifisert blant kommunane "Små kommunar med høge bundne kostnader pr. innbyggjar – middels frie disponible inntekter". Små kommunar er definert som alle kommunar med mindre enn 5.000 innbyggjarar. Frå arbeidet med å klassifisere kommunane i samanliknbare grupper i 2013 vert det uttalt at "*Vi kan registrere at små kommuner oftere har både høye bundne kostnader og høye korrigerte inntekter per innbygger sammenliknet med mellomstore og store kommuner. Dette skyldes at små kommuner får kompensasjon for smådriftsulempjer gjennom inntekts-systemet, men må også ses i sammenheng med energi- og kraftinntekter, skjønntilskudd, småkommunetilskudd og Nord-Norge-tilskudd som særlig favoriserer små kommuner, se Kommuneproposisjonen 2015.*"

Nissedal er ein liten og oversiktleg kommune så verdien av Kostra-tal er kanskje fyrst og fremst det å kunne samanlikne seg med andre kommunar. I fleire år har ein vald å ha Fyresdal og Åmli som "referanse-kommunar", sjølv om begge desse kommunane er klassifisert som kommunar med høgare inntekter enn Nissedal.

Når ein les og tolkar Kostra-tal er det viktig å ha med seg at i små kommunar kan store statistiske avvik skuldast relativt små og tilfeldige tal, samt at feilrapportering får større utslag til mindre statistikkgrunnlaget er, og spesielt i samanlikning mellom enkelt-kommunar.

Kostra-tal vert ikkje nytta direkte i målstyringa i Nissedal, men er ein av mange kjelder til informasjon som leggast til grunn i dei ulike økonomiprosessane. SSB har i 2018 starta eit arbeid med korleis Kostra-statistikk blir presentert. Pr. i dag er dette under arbeid, og det har synt seg vanskeleg å vidareføre all statistikk frå tidlegare årsmeldingar. Statistikk for Prioritering og Kvalitet og effektivitet er av denne grunn tatt ut av årsmeldinga for 2017.

Økonomiske rammevilkår og handlefridom

Det er ofte "frie disponible inntekter pr. innbyggjar" som vert nytta for å samanlikne handlefridomen til ein kommune. Frie inntekter inneheld rammetilskot, skatt på inntekt og formue og naturressursskatt.

Årstal	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2014	62 703	68 679	66 100	66 144	48 612
2015	65 204	69 568	65 332	66 450	49 775
2016	65 931	72 361	68 341	69 019	52 158
2017	67 709	73 967	72 955	72 941	53 601

Tabellen syner at desse inntektene er betydeleg lågare enn hjå "like kommunar", og at Nissedal ikkje har hatt den same veksten i inntekter pr. innbyggjar som Fyresdal og Åmli. Då andre kraftrelaterte inntekter ikkje inngår i denne tabellen, gjev denne indikatoren ikkje eit eintydig bilete av handlefridomen til kommunane.

Har Nissedal ein "sunn" økonomi ?

a) Brukar vi meir enn vi har til disposisjon ?

Eit uttalt normkrav for driftsresultat er at netto driftsresultat bør utgjere 1,75 % av driftsinntektene. Eit slikt "avkastningskrav" er grunngeve med at kommunen sine verdier over tid ikkje skal bli mindre, og sidan det er avdrag på lån som representerer verdi-reduksjonen i driftsrekneskapet, og desse som regel er lågare enn avskrivningane, må ein ha eit "overskot" for å unngå å svekke realkapitalen.

Tabell K2 – Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2014	0,0 %	1,4 %	5,8 %	2,5 %	1,0 %
2015	4,1 %	2,0 %	1,5 %	4,2 %	2,9 %
2016	4,4 %	2,9 %	4,0 %	7,9 %	4,1 %
2017	2,4 %	2,8 %	2,3 %	3,9 %	3,7 %

Etter nokon år med svake resultat har Nissedal dei 3 siste år hatt resultat som ligg over nemnde "avkastingskrav". I dette ligg det i 2017 også eit underskot innan vass- og avløpstenestene på 2,35 mill. som er dekkja med bruk av bundne fond. Dersom ein held dette underskotet utanfor, blir denne indikatoren høgare, og godt over "normen" på 1,75 %. Ein ser elles at også dei andre kommunane har høge driftsresultat i 2017.

b) "Skuvar vi belastninga føre oss" ?

Tabell K3 – Netto lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i kroner pr. innbyggjar					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2014	69 473	61 130	16 434	89 621	50 564
2015	80 577	66 479	18 977	88 570	54 211
2016	82 834	72 761	21 980	87 548	58 248
2017	93 728	79 997	26 228	92 380	61 789

Netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka betydeleg dei siste åra. Her er det viktig å trekke fram at svært mykje av låneopptaka er nytta til investeringar innan VA-sektoren, og at ein ikkje nyttar dei frie inntektene til å finansiere desse kapitalkostnadene. At innbyggjarane uansett må finansiere kapitalkostnadene gjennom eigeomsavgiftene, vegast opp av vekst i abonnementsmassa, og Nissedal har ikkje spesielt høgt gebyrnivå. Det er også relevant å trekke fram Note 11 til rekneskapen som syner at ein i 2017 hadde ei avdragsbelastning i driftsrekneskapet på omlag 1,83 mill. meir enn det Kommunelova (§50) stiller krav om.

14. Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan & handlingsprogram

Visjon for Nissedal kommune

NISSEDAL VIDARE.....

Hovudmål for Nissedal kommune:

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle og er eit trygt lokalsamfunn
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv, til nytte og glede for fastbuande, hytteturistar og andre
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

Levereglar for Nissedal kommune:

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune.

Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidviljuge og syne kvarandre resepekt og omtanke

(Tekst med svart skrift er opphavleg tekst frå vedteke handlingsprogram. Tekst med raud skrift (som dette) er rapportering på måloppnåing, utføring av tiltak).

14.1 Felles

14.1 Sentral leiging

Kommuneplanen sine mål:

Sentral leiging ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.

- Sentral leiging samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiging samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiging legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiging er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiging si side, og samstundes eit ønske om å følgje dei godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".
- Sentral leiging er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og einingar.
- Sentral leiging syter for at fellesrådet får føreseielege rammevilkår å jobbe under.

Sentrale lovverk og planar med overordna fokus:

Kommunelova
Kommuneplanen
Økonomiplan, budsjett og handlingsprogram
Plan for kriseleiging og beredskap

Fokusområder

- Skape eit økonomisk handlingsrom
- Heilskapleg bustadplan
- Folkehelse i all kommunal drift

Vidareføring av etablert drift:

Generelt

Gjennom heilskapleg tenking, på tvers av fag og organisering, skal dei kommunale tenestene vere av høg kvalitet.

Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon/god dialog få eit godt grunnlag for å fatte vedtak, og gjennomføring av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Halde fram med å vurdere den administrative organiseringa
- Revidere kommuneplanen sin samfunnsdel
Arbeidet vert starta først i 2018 med utarbeiding av eige planprogram
- Få ein økonomiplan i realistisk balanse
Etter at langtidsbudsjettet for 2017-2020 blei korrigert/endra under den politiske handsaminga, såg den økonomiske utviklinga i planperioden ut til å vere på eit

akseptablet nivå. I tillegg gav rekneskapsresultatet for 2016 ein klar indikasjon på at kommunen har ein økonomisk situasjon som er til å leve med. Utviklinga i tertialkontrollane, utarbeiding av budsjett 2018 og rekneskapsresultatet for 2017 underbygde dette synet. Men vedteke økonomiplan 2018-2021 syner at kommunen vil kunne møte økonomiske utfordringar i planperioden, slik at ein skal vere vere varsam med å "avlyse" dei økonomiske bekymringane.

Arbeidsgjevar-politikk

Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.

Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Sentral leiing har eit spesielt ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidersamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.

Som IA-bedrift skal kommunen opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider i retning av IA-avtalen sitt overordna mål: å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærveret, betre arbeidsmiljøte og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet

Sjukefråværet var 4,86 % for heile kommunen i 2014. Målsettinga for 2017 er å halde fråværet på same låge nivå.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

Informasjon til publikum

Nissedal kommune skal vere i aktiv dialog med innbyggjarane og prioritere høgt å gje dei svar på dei spørsmål dei måtte ha. Aktiv bruk av heimesidene til kommunen og Facebook er eit viktig bidrag i denne samanheng.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

Regionalt samarbeid og utvikling

Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Arbeide med utviding av interkommunale samarbeid i Vest-Telemark.
Sak til kommunestyret oktober 2017 som avsluttar utgreiinga om meir interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark. Kviteseid og Nissedal held fram med å vurdere utviding av dagens samarbeid.

Risiko- og sårbarheit – beredskapsplanar

Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyser skal til ei kvar tid vere oppdatert, og ligge til grunn for beredskapsplanen.

14.1.2 Fellestenesta

Kommuneplanen sine mål:

Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i fellestenesta:

Kommunelova, forvaltningslova,
Offentlegheitslova
Arkivlova
Forvaltningslova

Vidareføring av etablert drift:

Fellestenesta er ein stabsfunksjon som i stor grad yter interne tenester i organisasjonen, men også diverse tenester ut mot publikum. Fellestenesta er m.a. tillagt ansvar for arkiv og postrutinar, sentralbord og resepsjon, lønskontor, fakturering og innkrevjing, drift av heimeside, møtebehandling og saksdokument og merkantile personaloppgåver. Gjennom god kompetanse, heilheitleg perspektiv, fleksibel haldning og god dialog med resten av organisasjonen, skal fellestenesta bidra til at organisasjonen fungerer effektivt i dagleg drift.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Legge til rette for at tilbodet om 12 terminar på eigedomsskatt/kommunale avgifter for dei som har efaktura og/eller avtalegiro vert kjend og fungerer bra.
Tilbodet er annonsert i VTB og heimesida. Det er pr. 2.tertial 12 kundar som nyttar seg av dette tilbodet. Programvara blir i løpet av 2018 lagt betre til rette for månadleg fakturering. Som ei mellombels løysing har vi måtte kutte ut tilbodet om 1 termin i året.
- Utvide fakturering av kommunale avgifter til og å omfatte renovasjonsavgiftene.
Omlegginga har gått rimeleg greitt. Det har vore litt spørsmål kring dette, men i all hovudsak har denne omlegginga blitt positivt motteke av publikum.
- Syte for kompetanseheving rundt om i organisasjonen i bruk av ny versjon av økonomisystemet og særleg fokus på innføring av arbeidsflyt på inngåande fakturaer.
Internopplæring i høve til økonomisystemet gjennomført. Innføring av arbeidsflyt er innført i heile organisasjonen i løpet av hausten. Etter litt mindre oppstartsproblem fungerer nå arbeidsflyt på fakturaer svært bra. Det som står att er å få utnytta dei mulighetane som ligg i å få automatisert fleire av dei oppgåvene som blir gjort manuelt.
- Etablere gode rutiner for vedlikehald av etablert heimelsregister.
Fullføring av dette arbeidet er utsett inntil vidare på grunn av bemanningssituasjon på lønskontoret.

Kompetanseutvikling:

Tilsette har delteke på kurs i regi av dataleverandør på sak/arkiv og fakturering. Det er og blitt gjennomført opplæring i høve til gjennomføring av stortingsvalet.

14.1.3 Ikt

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan ikt:

Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta
Forskrift om IT-standarder i offentlig forvaltning
Norm for informasjonssikkerhet
Ikt-strategi for Vest-Telemark

Vidareføring av etablert drift:

Strategisk arbeid med ikt er organisert som stabsfunksjon. Dagleg drift av infrastruktur, rådgjeving og utviklingsarbeid vert i stor grad utført av ekstern tenesteleverandør, Aspit AS, i eit samarbeid med Fyresdal kommune og Seljord kommune. Ikt-strategi for Vest-Telemark legg opp til at mykje av dei strategiske vala innan ikt skal gjerast gjennom regionale prosjekt, der standardisering er ein overordna målsetnad. Nissedal kommune har ikkje ein eigen ikt-strategi.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Etablere/formalisere eit internkontroll-system for informasjonssikkerheit generelt.
Ikkje gjennomført då ein Ikkje har hatt kapasitet til å få gjort dette i 2017.

14.1.4 Næring**Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:**

Strategisk næringsplan for Nissedal
Vedtekter for kraftfond og næringsfond
Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar
Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune
Handlingsplan for kommunalt KMD-fond
Småkommuneprogrammet
Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:

Strategisk næringsplan for Nissedal
Vedtekter for kraftfond og næringsfond
Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar
Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune
Handlingsplan for kommunalt KMD-fond
Småkommuneprogrammet
Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

Vidareføring av etablert drift:

Næringsarbeid er eit utviklingsarbeid der satsingsområda er satt opp i kommuneplanen sine mål. Det jobbast tett opp mot næringsdrivande, lag og organisasjonar, bl.a. er næringskonsulenten sekretær for Nissedal næringslag. Det vert satsa på reiseliv/turisme og kommunen har eit godt samarbeid med grunneigarane og Agder Energi om Jettegrytene. Nissedal kommune er også vertskommunen for kommunesamarbeidet "Telemarksvegen", der arbeidet elles er lagt til eiga styringsgruppe.

Årleg kommunalt næringsmøte 9. mai med følgjande punkt på agendaen: aktuelle nærings saker, aktuelle kultursaker og samfunnsdelen i kommuneplanen. Frammøte ca. 30 personer. Aktivitetar i næringslaget: Styremøter 16. januar, 30. mars, 2. mai, 14. juni og 31. august. Årsmøte og medlemsmøte 28. februar. Lunsjmøte 6. april. Medlemsmøte og sommaravslutning på Elgen Gjestehus 14. juni. Medlemsmøte 31. august.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:

- Revidering av gjeldande Strategisk næringsplan for Nissedal kommune.
Dette arbeidet er utsatt til 2018 slik at arbeidet fell saman med kommuneplanen.
- Vidareføre By Region-programmet i samarbeid med kommunane i Vest-Telemark.

ByReg-programmet i Vest-Telemark er delt inn i 5 arbeidsgrupper. Arrangement der ByReg-programmet er involvert er bl.a.: Telemark Online kafé, facebook-side for sal/utleige av eigedom i Vest-Telemark, Vest-Telemarkkonferansen, nettverkssamling i Ålesund 22.-23. mars, storsamling på Dalen Hotel 19.-20. april og nettverkssamling i Hagesund 24.-26. oktober.

- Arbeide med breibandutbygging der Nissedal kommune har fått tildelt kr. 1 mill. i støtte frå NKOM.
Anbud med kravspesifikasjon vart publisert på Doffin 7. februar med svarfrist 5. april. VTK var einaste interessent og har fått tildelt oppdraget. Børge Skårdal i VTNU arbeider med vidare framdrift i prosjektet. VTK starter arbeidet med utbygging av breiband hausten 2017/våren 2018.
- Avklare ei eventuell vidare drift/opning av tømmerrenna, samt eigarskap og ansvar. Nissedal kommunestyre utsette saka om overtaking av tømmerrenna i møte 24. november 2016 då det var ønskje om meir informasjon, bl.a. med tanke på veglaget, heving av standard på veg, bom, straum, pris på levering av trykkimpregnert materialar osv. Det har vore fleire møter med veglaget og grunneigarar. Saka var opp i formannskapet i oktober. Der var det etterlyst meir informasjon før kommunestyret får saka. I tillegg ønskjer formannskapet å handsame saka om veg frå teknisk eining (heving av standard, ansvarsfordeling osv.) fyrst. Begge sakene kjem opp i 2018.
- Næringsutvikling sett i samanheng med utvikling av Sommarsletta. Vidareføre arbeidet med "Stedsutviklingsprosjekt" på Sommarsletta i samarbeid med eining for kultur.
Anne Margrethe Espelid har engasjert arkitekt John Sanden til å utarbeide eit skissegrunnlag for å finne ut om bru/flytebru er noko som kan realiserast.
- Framleis fokus på vitaliseringsprosessen av Telemarksvegen – lokal mat, kunst, kultur og attraksjonar. Arbeide vidare med hovudprosjektet med særleg fokus på å auke verdiskapinga til aktørane langs og i tilknytning til Telemarksvegen.
Ny brosjyre for 2017 vart trykt og fordelt ut i sommar. Facebook- og nettside lev vidare i samarbeid med Visit Telemark. Velkommen-skilt er i bruk hos dei fleste aktørar. 6 aktørar i Nissedal kommune. Ordførarane har ansvar for å fylgje opp vegstandard på RV41. Ladestasjonar kom på plass i Treungen og Kviteseid i juni og er nå i drift. Med midlar frå Innovasjon Norge er det er gjennomført ein forstudie i bedriftsnettverksprosjektet der forslaget til ny visjon er "Telemarksvegen – barnas opplevingsveg". Det arbeidast vidare med eit attraksjonsprosjekt.
- Jobbe aktivt med å halde oversikt på ledige husvære for sal/utleige.
Kommunen har oppfordra innbyggjarane til å melde inn ledige husvære til utleige via nettsider, facebook-sida og annonse i kyrkjelydsbladet. Responsen her har vore liten.

Status fond:

Krafftfondet blir i all hovudsak disponert i årsbudsjettet, og har bare ein marginal sum til disposisjon ved utgangen av året.

Næringsfondet har disponibelt kr 182.607, som kan forklarast med: mindreforbruk på Ansvar 1411-Reiseliv kr 83.792 mindreforbruk på FRAM, kr 20.000 mindreforbruk på Søftestad Gruber, kr 6.000. I tillegg er det unytta løyving på fmsk. Konto kr 56.000 og rådmannens konto kr 12.000. Kmd-fondet har disponibelt kr 65.205, som kan forklarast med at avsett sum til "Telemarksvegen", kr 50.000 ikkje er utbetalt, og resten, r 15.000 ikkje er løyva til noko føremål.

Småkommunemidlane er overført næringsfondet, og har difor saldo lik 0.

14.1.5 Renovasjon

Dei kommunale renovasjonstenestene er organisert i Indre Agder og Telemark Avfallsselskap Iks (IATA), i samarbeid med kommunane Åmli, Nome og Drangedal. Selskapet er styrt gjennom eigne vedtekter, eige styre og dagleg leiar. Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet, som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Samarbeid med eigarkommunane kring overføring av fakturering. Nissedal var klar med dette frå 1. termin 2017. Nome planlegger å starte opp 1. januar 2018. Drangedal planlegger overgang 1. juli 2018. I Åmli er situasjonen litt uavklart. Så langt er erfaringa god i Nissedal, med at kommunen sender ut faktura for renovasjon.

14.1.6 Vest-Telemark brannvernsamarbeid

Det kommunale ansvaret for brann- og ulykkeberedskap, forebygging og feiing er organisert som eit Iks i Vest-Telemark, lokalisert i Høydalsmo. Kommunen har likevel ansvar for beredskapsmateriell og arbeidsgjevaransvar for utrykkingsmannskapa. Selskapet er styrt gjennom selskapsavtale, eige styre og dagleg leiar (brannsjef). Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

14.1.7 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid

Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for landbrukskontoret:

Jordlova
Skoglova
Konsesjonslova
Landbruksplan for Vest-Telemark
Landbruksplan for Nissedal 2014-2017

Vidareføring av etablert drift:**Heile landbrukskontoret**

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet. Landbruket er ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Oppfølging av pelsdyrnæringa:
Dette er særleg knytt til problema med fluger og den varme årstida. Det var tilløp til klager i ein varm periode tidleg på våren, men det blei ikkje funne feil hos drivarane.
- Endre søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark:
Gjentatt informasjon har ført til gradvis forbetring.

Viltforvaltning

Kommunen har utarbeidd eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Planen skal rullerast i 2018. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Gjera ferdig arbeidet med eigedomsoversikt for alle jaktlag / vald i kommunen:
Areal og eigarlistar blir oppdatert fortløpande på grunnlag av endringsmeldingar frå valda.

Miljø

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjekter er nå avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.
I denne perioden er påverking frå private avløp og landbruket vurdert.

14.1.8 Nav

Kommuneplanen sine mål:

Som del av NAV-kontoret medverke til at folk kjem tilbake til arbeid.

- Kommunen skal medverke til å sikre økonomisk og sosial tryggleik og betre bu og levekåra for vanskelegstilte.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for Nav:

- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om folketrygd
- Forskrifter og retningslinjer frå Husbanken
- Samarbeidsavtale mellom NAV og oppfylgningstenesta i Telemark
- Samarbeidsavtale Lærekandidater og bruk av arbeidspraksis – NAV i Telemark og Telemark fylkeskommune
- Partnerskapsavtala med Nav Stat

Vidareføring av etablert drift:

NAV Nissedal yter kommunale og statlege tenester basert på partnerskapsavtalen mellom Nissedal kommune og den statlege delen av NAV. Den statlege delen av NAV har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, og kommunen har saman med den statlege delen av NAV ansvar for dagleg drift av kontoret. Kontoret har på midlertidig basis hatt stengt ein dag i veka - kvar onsdag. Denne dagen er sett av til sakshandsaming og møte. Tanken bak dette har vore at dette vil føre til raskare sakshandsaming og dermed eit betre tilbod til brukarane. Nav har eit godt samarbeid med andre einingar i kommunen.

Dei kommunale tenestene i NAV:

Sakshandsaming etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette er ein omfattande lov.

Formålsparagrafen lyder: «*Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.*»

NAV jobber i hovedsak med råd og rettleiing, samt vurdering av sosialhjelps søknader. Lov om sosiale tjenester i NAV er eit «siste sikkerhetsnett». Det er ein skjønnsbasert lov. Det vil seie at den gjev folk rettar dersom dei fyller vilkåra for å få hjelp, men den gjev det og mogeleg for NAV å nytte skjønn og innvilge naudsynt hjelp utover dette. Dette gjer at ein har strenge krav til formell sakshandsaming.

Grunntanken med alt Nav gjer etter denne loven, er å hjelpe menneske til å klare seg sjølv. Sosialhjelp er meint å vere hjelp i ein overgangsperiode, og er ikkje dimensjonert for å leve på over lang tid. Nav opplever at ein ikkje alltid klarer å hjelpe folk vidare, og at dei over lang tid er avhengig av sosialhjelp. Nav forsøker å ha så god kvalitet på tenesta som mogeleg innanfor sine rammer. Det er viktig å merke seg at NAV er heilt avhengig av resten av samfunnet. Nav kan for eksempel ikkje lage arbeid eller bygge bustader.

Rettleiing og sakshandsaming av bustønad, tilskot og startlån frå Husbanken.

Sakshandsaming av søknader om TT-kort, parkeringskort frå rørslehemma og fylgjekort. Utarbeiding og revidering av rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Tiltak for menneskjer med rusproblem etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, kapittel 10 som handlar om tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige. Desse problemstillingane vert teke opp i arbeidet med rullering av den rusmiddelpolitisk handlingsplanen. Det har vore eit tema i det tverrfaglege «Rusforum» om det er formålstenleg at dette ansvaret ligg hos NAV.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Bidra i kommunen sitt bustadsosiale arbeid på overordna nivå. Dette er eit viktig punkt for NAV, som i sitt daglege arbeid ser at det er behov for eit differensiert bustadtilbod i kommunen.

Det har vært to møter i 2017: den 17. oktober 2017 og den 13. november 2017.

- Aktivitetsplikt for sosialhjelp. Ny § 20 i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. For at Nissedal kommune skal kunne fylgje opp intensjonen i lovendringa har kommunen inngått en avtale med Kvito om eit kommunalt tilbod som gjev menneske moglegheit til å vakse og utvikle seg. Tiltaket har fått namnet «Restart». Målgruppe er brukarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde. Innhaldet i tiltaket er kartlegging av kvar einskild brukar og avklaring av behovet for vidare hjelp. Mål er utdanning / arbeid. Tiltaket er individuelt tilpassa og varer seks månadar med eventuell forlenging etter individuell vurdering. Kvito har til ei kvar tid kapasitet for minimum fem personar i tiltaket. Effekten av tiltaket skal evaluerast kvart halvår, med informasjon om resultatata til kommunestyret.

Tiltaksplassane har i 2017 vært besett heile tida, med unntak av kortare overgangsperiodar frå tidspunktet der ein person sluttar i tiltaket og ein ny startar opp. I 2017 har det vore 6 personar som blei avslutta i Restart. Tre personar har gått over til arbeid, 1 kom inn på eit skuleløp, 1 person flytta frå bygda og 1 gikk over til eit statleg tiltak. I overgangen frå 2017 til 2018 var alle 5 plasser besett. Effekten av tiltaket i sin heilhet blir evaluert kvart halvår. Siste evaluering var 08.06.2017 med leverandøren Kvito AS. Både NAV og Kvito er fornøyd med samarbeidet rundt dette tiltaket. Kvito understreka at NAV søker inn riktige kandidatar og gav NAV ros for å vere lett tilgjengelig, som ifølge Kvito er ein av suksessfaktorane. NAV er like positiv om det tette samarbeidet med Kvito, særleg med den opne dialogen rundt dei ulike deltakarane. Neste evaluering finnar sted i slutten av mai eller i starten av juni.

- Det er eit mål at utgiftene til økonomisk sosialhjelp reduseras i løpet av 2017. Nissedal bør ligge på et nivå gjennomsnittlig utbetaling per. stønadsmånad tilsvarande snittet for dei andre kommunane i Vest-Telemark.

NAV har jobba med det i heile 2017. Det blei presentert ei orienteringssak 5. oktober 2017 for kommunestyret.

Kompetanseutvikling:

- NAV Nissedal har eit samarbeid med de andre 5 NAV-kontorane i Vest-Telemark rundt kommunale oppgåver. Dette inneberer at de som jobbar med disse oppgåver drøfter konkrete saker med hensikta å lære frå kvarandre og gjøre lik praksis i like saker. Disse nettverksmøter finnar sted cirka en gong kvar 6. uke.
- En medarbeidar frå NAV har deltatt i Boligsosialkonferanse 2017 i Kristiansand den 4. og 5. april 2017. Den ble organisert i regi av Husbanken, Fylkesmannen i Aust- og Vest Agder og Fylkesmannen i Telemark.
- NAV (stat) satsar stort på at alle medarbeidar i NAV tileignar seg såkalla "inkluderingskompetanse". Med den kompetansen skal alle vere enda berre rusta til å bistå menneskar i å finne seg arbeid, også de som ikkje er i stand til å jobbe (i full jobb) på grunn av helsemessige hemningar eller psykiske lidelser.
- NAV har deltatt på opplæring i regi av Fylkesmannen om bruk av vilkår i forhold til sosialhjelp den 30. august 2017 i Sandefjord.
- Det har vært en samling saman med personalet frå NAV Fyresdal om inkluderingskompetanse den 7. juni 2017 i Fyresdal.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær i 2017 var 6,58 for hele kontoret, det vil si også de som jobbar med statlige saker.

HMS Internkontroll:

I juni fikk besøk frå noen representantar frå HR-avdelingen i NAV Telemark. Da gikk vi gjennom alle HMS tiltak. Rutinane var ikkje oppdaterte. Det jobbast med det.

14.2 Eining for skule

Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i fellesskapet* og *tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal liggje over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter
Plan for overgang barnehage - skule
Plan for utvikling av læringsmiljøet

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring.

Eininga samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, barnehage, flyktingetenesta, kultur og Vest-Telemark PPT.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Barnehagetilsyn
Ikkje gjennomført. 40-100 % sjukemelding i leiinga i skule gjennom heile 2017 har medført at einingsleiar har prioritert å bistå skuleleiinga med å løyse saker.
- Utarbeide plan for rullering av IT-utstyr i Nissedalskulen.
Sjå omtale under IKT- satsing

- Utgreie ulike modellar for gratis skulemat.
Saka blei handsama i kommunestyret 18.5.2017.
Vedtak: Det innførast ikkje gratis skulemat for ungdomsskuleelevane i Nissedal kommune.
- Sak til kommunestyret om behov og kostnad med å vidareutdanne lærarane i Nissedalskulen før dispensasjonen på 10 år er over.
To lærarar starta vidareutdanning i 30 studiepoeng norsk i august innafor vikarordninga på U-dir. Dette for å sikre godkjent kompetanse innan 2025.
U-dir står kvar studieplass med kr 192.000 vikarmidlar.
Saka vart handsama i kommunestyret den 16.2.17 med slikt utfall:

Eining for skule blei i k-sak 13/17 tilført kr 72 000 i 2017.

Grunnskule

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med barnetrinn på Fjone, i Kyrkjebygda og i Treungen. Ungdomsskulen er felles og ligg i Treungen. Kyrkjebygda og Fjone skular er to-delte 1-7 skular, medan Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er ein fulldelt 1-10 skule.

Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte. Kvar skule sin årsplan skal bygge på dei felles satsingsområde.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Leseplan: Utarbeide felles plan for leseutvikling i Nissedalsskulen.
Planen er ferdig.
- "Vurdering for læring" – fortsette arbeidet med fokus på
 1. Analysemodellen
 2. Skulebasert leiing. Skuleleiarane skal ha kunnskap om kvar elev si læringsutvikling.
Aktuelle metodar: Pedagogisk vandring, refleksjon i kollegiet og resultatsamtalar med lærarane dannar grunnlag for den tilpassa opplæringa
Skuleeigar: Ha kunnskap om korleis rektorane arbeider med elevane si læringsutvikling. Metode: Rektorvandring, refleksjonar i rektormøte.

Dei nemnde tema over er blitt jobba med i utviklingstida ved skulane.

I 1. tertial blei det rapportert om store utfordringar ved ein av skulane når det gjeld læringstrykk, klasse miljø og klasseleiing, avgrensa spesielt til ei klasse. Skulen har sett inn mange tiltak for å forbetre situasjonen. Skulevandring med observasjon i klassa av leiinga og rettleiing er gjennomført. Frå august blei det sett inn slike tiltak: To kontaktlærarar, to-lærar og deling av klassa i fleire fag.

Skulen melder om at miljøet i klassa er blitt betre. Det er høg fokus på dei faglege utfordringane og på det systemretta arbeidet.

I 2. tertial leigde skulen inn ekstern rettleiar frå BroAschehoug. Mål: Betre læringstrykk og meir elevaktivitet i læringsarbeidet.

Nye metodar blei øvd inn. Tiltaka blir vurderte i mars 2018.

Einingsleiar har fylgt saka tett.

Kollegia ved skulane har samarbeidd om elevane sitt totale skulemiljø. Her har kvar elev sin sosiale og faglege utvikling vore sentral. Den faglege utviklinga til kvar elev er fylgd gjennom ei rekkje kartleggingar og prøver igjennom året. Likevel er den kjennskapen læraren har til kvar elev frå time til time den viktigaste kjelde til tilpassa opplæring.

Drøftingar i fellesskap har i stor grad handla om tiltak, ulike metodar og konkrete oppgåver og øvingar for å oppnå ønska utvikling.

Einingsleiar for skule har alltid blitt informert om alvorlege saker som vedkjem elevane sitt psykososiale miljø.

- Utarbeide "Plan for tidleg innsats" saman med eining for barnehage og eining for helse og habilitering
Planen blei ferdigstilt i 1. tertial. Oppfølging av planen starta i august med kurs i regi av SMISO (senter mot incest og seksuelle overgrep) for alle tilsette i kommunen som arbeider med barn. Skuleeigar var representert v/ordførar. Planen er og fylgd opp med informasjon til føresette og undervisningsopplegg i klassene.
- Vidareføre styrking til norskundervisning for minoritetspråklege elevar.
Tveit skule har hatt 16 veketimar til særskilt språkopplæring. Dette har omfatta både norskopplæringa, to-språkleg fagopplæring og TPO som kompensasjon for morsmålsundervisning. Desse timane blei tilført skulen hausten 2015 då dei første flyktningane kom. Hausten 2016 kom det elevar frå Syria. Desse elevane hadde svært ulik bakgrunn samanlikna med dei fyrste som kom.
Det ser ut til at dei fleste elevane som har fått særskilt norskopplæring har hatt god utvikling. Tilsetning av miljøterapeut har gjort positive resultat. Vedkomande har bidrege til auka kulturforståing mellom elevane og lærarane, bidrege til inkludering og som tolk mellom elev/lærar og mellom skule heim.
Det starta ingen nye minoritetspråklege elevar ved skulestart 2017. Ein elev gjekk ut av 10. klasse og over i kombinasjonsklasse i Lunde saman med ein annan elev frå VO. Desse er blitt fylgd opp av Flyktningetenesta på ein svært god måte.
Opplæringslova krev at skulen held fram med særskilt norskopplæring inntil elevane er på nivå 3 i kartleggingsmateriellet frå U-dir. Dette er langt fram i tid og tilbodet må derfor halde fram. Ein må heile tida vurdere om ressursen til særskilt språkopplæring er tilstrekkeleg.
Fylkesmannen lyste ut midlar til rettleiing frå NAFO (Norsk senter for andrespråk i opplæringa) våren 2017.
Nissedal kommune fekk løyva 20 timar. Både VO og lærarar ved Tveit og Kyrkjebygda har delteke på samlingar med NAFO. Mål med rettleiinga er at alle lærarar skal bli gode "norsklærarar" for dei minoritetsspråklege elevane.
- Følgje opp arbeidet i byggje- og prosjekteringsnemnda i samband med utbygging av småskulen ved Tveit skule.
Bygggestart 16.6.17.
Status pr. 31.12.17: Forseinka framdrift. Ikkje innflyttingsklart etter planen.
I byggeperioden har småskuleelevane fått undervisning på storskulen. Nokre universelle tilretteleggingar blei gjennomført til skulestart særleg mtp. syn.
SFO har og heldt til i storskulen under byggeperioden. Oppsett plan er fylgt. Erfaringane med flyttinga av elevane har vore gode.
- Endring av opplæringslova § 9A vår 2017, om det psykososiale miljøet i skulen
Skolering av leiarar og personale
Einingsleiar og rektorar har fått skolering via e-læring og i kontaktmøte med Fylkesmannen i april.
Ny 9a fekk høg fokus ved skulestart i august. Alle lærarar fekk opplæring v/einingsleiar. Alle føresette fekk informasjon om lovendring frå leiinga ved skulane.
Tilpasse lovendringa til "Plan for arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø» etter oppl.lova § 9a-3
Gjennomført
- Oppgradere læreverv i skulane
Generelt om læreverv:
Gode læreverv vert høgt prioritert i Nissedalsskulen. Pensum i dei einskilde faga i skulen finn ein i Kunnskapsløftet. Eit godt læreverv verk er likevel ein trygghet for lærar og meir motiverande for elevar. Gode verk av nyare dato har i seg mykje av det nyare forskning visar til. Døme på det er Vurdering for læring, ulike lese og skrivestrategiar og differensierte tekstar og oppgåver. Gode verk har høg prioritet saman med ikt- utstyr og digitale lisensar.

Ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er det læreverk som er svært gamle og utdaterte. Mellomtrinnet har fekk nytt matematikkverk i år, medan 1.-4.klasse blei innfasa tidlegare. Det har vore ei kostbar affære å bytte ut mange læreverk samstundes. Etter at "Tema" forsvann frå småskulen, blei det prioritert å kjøpe inn læreverk der. Skulen fekk i 2. tertial tilbakeført kr 60 000 pga faktureringsfeil i 2016. Midlane blei brukt til å kjøpe inn nye læreverk.

Grendeskulane samarbeider om innkjøp av lærebøker i munnlege fag. Det ligg føre ein fireårig plan for småskulen og ein treårig plan for mellomsteget, dvs. at me har bøkane annakvart år. Dette sparer oss for utgifter til bøker. I fjor starta me på utskifting av engelskbøker på Fjone. Dette er ei vurdering etter erfaringar med nasjonale prøver der me såg at dei eldre bøkene har for lite framdrift i faget. Norskverket Zeppelin er og under utskifting. Me ser at det er store endringar i bøkene i basisfaga med meir pensum for stega. Dette avspeglar erfaringane med nasjonale prøver.

Ved Kyrkjebygda skule er det kjøpt inn nokre norsk –og matematikkbøker.

- **Nytte NHO modellen/jobbavis i samband med arbeidsveka til 9. klasse**
Gjennomført.
Jobbavisa var produsert til rapportering i 1. tertial. Vidare rapportering om NHO modellen: Nissedal kommune hadde ansvar for NHO-jobbavisa, der nokre av bedriftene i kommunen lyste ut ledige stillingar. Næringsssjefen deltok aktivt i samarbeidet med skule/næringsliv. Elevane blei utplasserte i bedrift ei veke i vår.
Elevane skreiv søknadar og laga CV som blei sendt til bedriftene. Dette arbeidet var integret i faga norsk og utdanningsval. Då søknadane var mottekne av bedriftene, blei elevane kalla inn til intervju. Elevane øvde på å gjennomføre intervju på skulen. Rådgjevar fylgde opp elevane ved anten å reise, eller ringe bedrifta der eleven hadde praksis. I etterkant av praksisveka fekk kvar elev tid til å dele med dei andre elevane, og rådgjevar, korleis dei opplevde veka.
- **Tilstandsrapport: Utvikle ny mal i tråd med KS-opplæring vår 2016**
Ny mal er utvikla etter modell frå KS.
Rapportering er gjennomført for åra 2014/15 – 2016/17
- **IKT-satsing**
I 2016 blei det starta ei IKT- satsing i skulane
Ta i bruk IKT-plan frå Læringscenteret for IKT i skulen
IKT-situasjonen
Ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har me fått eit kraftig løft både på PC-park, oppbevaring og elevplattform. Eit funksjonelt nettverk har vore ei utfordring ved skulen. Systemet blei oppgradert av Aspit i mai 2017. Enno er det utfordringar med nettverket i delar av bygget. Det bryt saman når t.d. 13 elevar er pålogga samstundes. Når elevar gjennomfører obligatoriske kartleggingar og undersøkingar, byr gjennomføringa på store utfordringar.
Fjone skule: Har berbare pc-ar til mellomsteget medan småskulen har pc-ar på deling. Utfordringa er at dette er ferskvare. Me har ingen rullering på innkjøp av pc. Me nyttar tenester av Aspit, men det ligg ikkje inne serviceavtale for elevmaskiner i driftsavtala. Det må betalast i tillegg. Driftsavtala med Aspit fungerer godt for tilsette.
Kyrkjebygda skule: Ein vil kvart år ha behov for å kaupa inn nokre elevpc-ar og ein lærar-pc. Dei gamle stasjonære pc-ane reknast som ubrukelege. Desse er om lag 10 år gamle. Samstundes som ein treng jamleg utskifting av pc-ar så gjeld dette og dei digitale tavlene. Me har undervisning i tre klasserom. Me har to digitale tavler, der den eine ikkje er brukbar lenger. Så ein vil trenge to tavler i løpet av 2017. Ei ny digital tavle blei kjøpt inn vår 2017. Slikt sett er heile posten til inventar og utstyr brukt opp, og vel så det.
- **Det innførast 5-dagarsskule i heile Nissedalsskulen**
5-dagars skule blei innført ved Fjone og Tveit skule/Nissedal ungdomsskule frå august 2017. Kyrkjebygda skule innførte ordninga som forsøk hausten 2014. Innføringa har gått som planlagt.

- Det skal gis eit kvalitativt godt tilbod om leksehjelp i Nissedalskulen.
Småskulen på Tveit har fått leksehjelp av pedagogar og fagarbeidarar på SFO. I innkøringa ved skulestart blei det sett inn ekstra bemanning med pedagog. (teke av eiga ramme)
Mellomsteg og ungdomsskule har fått leksehjelp av pedagogar kvar tysdag. Organiseringa av leksehjelpa blei endra i samband med innføring av fem dagarsskulen. Det er blitt gitt gratis leksehjelp til alle elevar i 6. time måndag og torsdag.
Fjone: småskulesteget har fått leksehjelp av fagarbeider på SFO i to timar pr veke.
Ved Kyrkjebygda oppvekstsenter har leksehjelpa blitt utført av fagarbeidar. Hjelpa har vore for 1. til 4. steg og har vore på ein halv time kvar dag på måndag-torsdag. På onsdagane har leksehjelpa vore ein del av SFO. På måndag, tysdag og torsdag er leksehjelpa blitt gitt i tidsrommet mellom skuleslutt og skyssen heim om ettermiddagen.
- Markere Kyrkjebygda skule 50 år i 2017.
Jubileumet vart markert fredag 1. september. Noverande og tidlegare elevar og tilsette var innbedne. Gratulasjonstalar ved ordførar, einingsleiar og tidlegare tilsette. Elevane framførte jubileumssong og las dikt. Servering ved bygdekvinnelaget. Rektor leia kvelden på ein framifrå måte. Dette blei ein minnerik kveld.

SFO

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule, Fjone skule og Kyrkjebygda oppvekstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit redusert tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilbodet skal minimum fylgje skuleruta. Tilbodet utanom skule-ruta skal tilpassast etterspurnaden og skal organiserast ved den skulen med flest søkjararar.

SFO i Nissedal skal gje eit kvalitativt godt tilbod om sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns leik og fritid.

Frå 1.1.17 blei pkt. 3 i SFO – vedtektene til Nissedal kommune endra slik:

SFO i feriar og skulen sine fridagar:

SFO kan vere open i delar av skulen sine feriar og på nokre planleggings- og fridagar. Det er skuleleiinga i kommunen som avgjer om ein skal halde ope utanom skuleruta. Det må vere minst fem som melder seg på ferie-SFO. Skuleleiinga lagar ein plan på dette ved skulestart kvart år. Det er egne betalingssatsar i skulen sine feriar.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

Kyrkjebygda oppvekstsenter

SFO-assistenten ved Kyrkjebygda oppvekstsenter vart frå og med september 2016 fagarbeidar. Ingen endringar i SFO-tider.

Frå og med august 2017 vart stillinga som fagarbeidar/assistent utvida med omlag 30 % grunna auke i barnetal.

Tveit skule

Organiseringa av SFO vart endra ved skulestart 2017 i samband med innføring av fem-dagars skule. Onsdagar var tidlegare heildagstilbod. Her er det no blitt innført morgonøkt og ettermiddagsøkt. Ettermiddagsøkta har vore frå 12:45-16:30. På fredagane har ettermiddagsøkta starta etter 5. time. Den 5. timen har vore gratis for elevar som har skuleskyss og som skal heim rett etter skulen. Tilbodet før skuletid har gått som før måndag, tysdag, torsdag og fredag.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Undervisninga for flyktingane er frå 1.1.2017 lokalisert på Kåsa.

Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet.

Det vert gjeve undervisning til nokon av bebuarane på Kåsa bu og avlasting. Denne undervisninga er lokalisert på Mila og vert gjeve i samarbeid med Eining for helse og habillitering.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Lokale: Avklare varig løysing

Vaksenopplæringa held framleis til på Kåsa. Tilsette er nøgde med lokala, men det har vore utfordringar å finne tilstrekkeleg med rom. Fagansvarleg med tilsette har vore kreative i høve organisering av undervisninga for å kunne nytte arealet maksimalt. Det er teke i bruk eit kontor ved inngangen til "nytt grupperom".

- Realkompetansevurdering (RKV) Elevar som ikkje har fullstendig grunnskule har rett til å få kompetansen sin vurdert for inntak på vidaregåande skule, i innføringsklasse eller som ei stadfesting på at eleven har rett på grunnskuleopplæring. Kommunen har plikt til å gje elevar ved Vaksenopplæringa, som ikkje har fullført grunnskulen, slik opplæring.

To av våre elevar er realkompetansevurdert. Dette er elevar utan fullstendig grunnskule frå heimland. Dei har delteke noko i grunnskule i Nissedal, men ikkje fått tilstrekkelege kunnskapar til å kunne meistre eit ordinært vidaregåande løp. Slikt sett har kommunen plikt til å gje dei kompetanse på grunnskulens nivå. Desse elevane har fått plass i kombinasjonsklasse (erstattar ordninga med innføringsklasse) i Lunde der dei får opplæring på grunnskulenivå og på vidaregåande nivå dersom dei meistarar det. Kommunestyret løyvde kr 200 000 til dette føremålet i k-sak 1/17. Både elevane takka ja til plassane. Dei flytta til Lunde i august og starta opplæringa. Flyktningekonsulent fylgjer dei tett.

Det synt seg at ein av elevane som starta i kombinasjonsklassa hadde høgare kompetanse enn forventa. Han starta derfor i eit løp med 2 år i 1. klasse VGO utpå hausten. Slikt sett har utgiften til kombinasjonsklassa blitt redusert.

Kompetanseutvikling

- SFO: Kurs i "Sosial kompetanse" – nytte planleggingsdag.

Utsett til 2018

- Grunnskule:

Vidareutdanning i basisfaga.

To lærarar har gjennomført 30 stp. i matematikk. Dei avla eksamen 5. mai 2017 og bestod. Nissedal kommune deltok på felles planleggingsdag i Vest –Telemark 17.3.17. Tema var Vurdering for læring. Svært høg kvalitet på forelesar, Marit Jensen.

To nye lærarar starta på 30 stp studie i norsk ved Høgskulen i Oslo i august.

Norsk for minoritetsspråklege elevar bør prioriterast.

Ikkje gjennomført. Søkjarane blei ikkje prioriterte av U-dir (fekk ikkje plass)

Deltaking i KS sitt leiarprogram for å rekruttere til leiing i skulen (aktuelt for alle med leiaroppgåver i skulen) Uprøving haust 2016, fullføring 2017 for dei som ynskje å fullføre.

Ein lærar ved Tveit har delteke. Avslutta studiet med flott resultat på eksamen i desember 2017.

Vaksenopplæringa: Delta på årelg fagkurs med IMDI i Telemark.

Gjennomført

Realkompetansevurdering

Tilsette ved VO og i flyktingetenesta har fått kurs i dette i VO-nettverket i Telemark

Delta i VO-nettverk i Telemark:

Gjennomført

Lokalt utviklingsarbeid ved skulane:

Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har nytta utviklingstida til å lukke avvik i tilsynet mai 2016. Tema for tilsynet var elevanes læringsutbytte.

Arbeidet med Vurdering for læring og "Lesing i alle fag" vidareførast, då desse har direkte samanheng med tilsynsrapporten.

Frå august 2017 er det fokus på lekser; kva slag lekser, omfang og progresjon. Lekser skal vere tilpassa den einskilde elev.

Felles for alle skular: Nettverket i Vest Telemark skal ha skulevandring som tema i haust.

Dette er ein velkjend metode for rektor der han/ho observerer undervisninga og gir lærar konstruktiv attendemelding.

HMS Internkontroll:

Vernerunde og brannøvingar er gjennomførte etter plan ved alle skular.

Ved førre branninspeksjon var det uavklart kven som var brannvernleiar ved skulane. Aviket er lukka. Det er fastslått at rektorane er brannvernleiarar ved sine respektive skular.

14.3 Eining for barnehage**Kommuneplanen sine mål:****Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.**

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilbodet som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om barnehage

Rammeplan for barnehagar

Felles språkplan for alle barnehagane (intern)

Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesyster, PPT og psykisk helse (intern)

Vidareføring av etablert drift:**Heile eininga**

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda og Felle.

Kommunen har eitt hovudopptak i året.

Dette skjer i mars,- og det er i samband med dette at retten til barnehageplass vert gjort gjeldande. Kommunen vil så langt som råd gje tilbod til barn fortløpande gjennom året. Føresette kan velje mellom 2, 3, 4 og 5 dagars tilbod. I tillegg til alle helger og høgtidsdagar er alle barnehagane stengt to veker i juli.

Barnehagen i Treungen gir barnehagetilbod i romjola og virkedagane mellom paldesøndag og skjærtorsdag for alle barna i barnehagane i kommunen .

Det er utarbeida felles satsingsområde for alle barnehagane. På bakgrunn av dette utarbeider kvar barnehage sin eigen årsplan.

Kompetanseheving skal fokusere på satsingsområda.

Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, ppt og barnevernstenesta.

Spesielle tiltak/endringar i 2017:

- Legge til rette for kompetanseheving av personalet
Eininga har nytta personalmøter og planleggingsdagar til fagleg utviklingsarbeid. Nissedal har saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark eit nettverk på barnehageområdet. Dette nettverket fekk kr. 135 000,- i kompetansemiddel frå fylkesmannen. Desse midla har vi nytta til felles planleggingsdagar på tvers av kommunane der implementering av ny rammeplan har vore tema.
Vi har og hatt felles styararsamlingar i regionen.
Sjå ellers under punktet for kompetanseutvikling.
- Vidareføre intern opplæring for assistentane og fagarbeidarane
Eininga har gjennomført fire samlingar for alle assistentane i kommunen med fagleg innhald.
- Utarbeide plan for tidleg innsats i samarbeid med eining for skule og eining for helse og habilitering
Plan og rutinar er utarbeida. Eininga vil saman med skule, helse/hablitering og kultur jobba vidare planen.
- Gjennomføre brukarundersøking i 2017
Blei gjennomført i november 2017.
- Legge til rette for at ny rammeplan blir kjent for alle tilsette i barnehagane
Einingsleiar og styarane har delteke i ei kurspakke i regi av fylkesmannen i arbeidet med implementering av ny rammeplan.
Dette er og arbeidd med internt på planleggingsdagar, avdelingsmøter oa.
- Utgreie sak om å tilby ledig kapasitet i barnehagen til SFO i jol/påske.
Dette er ikkje gjort. Kommunestyret vedtok i desember -17 å halde barnehagane stengt i samband med jul og påskehøgtida.
- Sak til kommunestyret om å tilpasse nedre aldersgrense for opptak til å samsvare med foreldrepermisjon.
Sak var oppe i kommunestyret i september -17.

Treungen barnehage

Godkjent for 60 plassar, der 36 (18 born) er i eiga småbarnsavdeling (1-3 år).

3-5 årsavdelinga har 24 godkjente barnehageplassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:

- Evaluere ordninga med at Treungen barnehage er open i jol/påske.
I samband med behandlinga av budsjett og handlingsprogram for 2018 vedtok kommunestyret å gå tilbake til gamal ordning. Frå 2018 er barnehagane stengt jule- og nyttårsaftan, i romjula og virkedagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag.
- To- språkeleg assistent i 100% stilling blei vidareført frå oppstart av barnehageåret 17/18 og ut 2017.

Kyrkjebygda barnehage

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:

- Hausten - 17 kom to flyktningfamiliar til Kyrkjebygda. Desse hadde 5 barn i barnehagealder. Tre barn som fylte eitt år i løpet av våren – 18 stod på søkjarliste til Kyrkjebygda. Kommunestyret vedtok å utvide barnehagen med tolv nye barnehageplassar frå januar 2018.
- Det er gjennomført ei midlertidig løysing med auka barnehageplassar frå desember -17. Kommunestyret vedtok i februar ei utbygging av oppvekstsenteret.

Haugsjåsund barnehage

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:**Felle barnehage**

Godkjent for 18 plassar.

Opningstida er 07.00-16.30.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:

- Felle barnehage fekk i k-sak 24/17 auke personalressursen ved oppstart av barnehageåret 2017/18 med 60% pedagog og 20% assistent. Det er 13 barn som har tilbod i barnehagen. Barnehagen gir og SFO-tilbod.

Kompetanseutvikling:

Ein styrar har tatt vidareutdanning i "Nasjonal lederutdanning for styrere i barnehagen". Dette studiet gjev ei kompetanseheving på 30 studiepoeng og har gått over ein periode på 1,5 år.

Ein styrar har fullført studiet "Forebyggende og tideleg innsats – tverrfaglig samarbeid i barnehagen til barnets beste" i regi av høgskulen i Sørøst-Norge.

Kurset gir 30 studiepoeng.

Ein assistent har fullført kurs for assistentar hos "Kompetansesenter og bedriftshjelp" i spesialpedagogikk.

Kurset gjekk over 10 kveldar i Porsgrunn.

Eininga fekk kr 90 000,- i statlege kompetansemiddel. Kr. 50 000,- av desse er nytta til barnehagekonferanse "Med fremtiden i fanget". Målgruppe: 6 styrare/pedagogar, og kveldskurs i Arendal: "Barns språkutvikling". Målgruppe: 15 pedagogar og fagarbeidare/assistentar.

Kr. 40 000,- er overført til bundne fond.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet for 2017 i eininga: 7,09 %. Dette er fordelt på 0,25 langtidsfråvær og 6,84 i korttidsfråvær.

Sjukefråværet er ei utfordring for eininga. Barnehagane har hatt fokus på førebyggjande tiltak for å få ned fråværet.

Hausten -17 har vi hatt samarbeid med arbeidslivsenteret. Dei har gjort ei kartlegging av arbeidsmiljøet som barnehagane arbeider vidare med.

Vi har tett oppfølging ved fråvær, og ved langtidssjukmelding har vi jamnleg dialog.

Barnehagane har stort fokus på trivseltiltak.

Det er vanskeleg å få tak i nok vikarar til å dekke opp all sjukefråværet. Dette gjev ei ekstra belastning på personalet som er på jobb.

HMS Internkontroll:

Det er gjennomført brannøvingar og vernerundar i alle barnehagane våren – 17.

Dei fleste tiltak som blei påpeka er utbedra. Andre må arbeidast med i samanheng med budsjettarbeidet.

Det er gjennomført medarbeidersamtaler i barnehagane.

14.4 Eining for kultur

Kommuneplanen sine mål:

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkreftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyr og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga

Lov om offentlege styresmaktar ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Lov om folkebibliotek

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:

- Gjennomføre utarbeiding av tursti på den gamle toglinja, frå Treungen sentrum til Åmli kommune. Dette er ein del av ein heilskapleg plan for området sentrum/Sommarsletta, og fyrste del av den universelt utforma stien.
Spelemiddelsøknad vart sendt og godkjend av fylkeskommunen. Søknaden fekk ikkje tilskot i 2017, og vart fornya 2018. Arbeidet med å førebu stien heldt fram, målsetting er å legge prosjektet ut på anbod i april 2018.
Det vart jobba med eit skissegrunnlag for bru frå sentrum til Sommarsletta av arkitekt John Sanden. Skissegrunnlaget skal gje svar på om det kan la seg gjere, og gje arkitekten høve til å teikne eit forslag til korleis ein kan løyse dette i samarbeid med autorisert ingeniør på feltet. Det skal også gje eit førebels prisoverslag. Dette som eit grunnlag for å søkje om spelemidlar. Midlar til prosjektering er tatt frå søkte midlar til universell utforming frå KMD på 75.000,- og 25.000,- frå "skattepotten".
- Gjennomføre kulturprisutdeling og kulturkveld. Ein ser på korleis dette kan gjennomførast innanfor eksisteranda rammer. Ein må sjå på korleis dette kan gjerast mindre kostnadskevjangende og kanskje også på ein ny måte enn vi har gjort før.
Kulturkveld med kulturprisutdeling vart gjennomført 25. november i Fleirbrukshuset. Det vart ein fantastisk kveld med lokalprodusert underhaldning og mat. Tema for kvelden var Den Blå Timen og underhaldninga spegla det på ein svært god måte. Maten var også framifrå, det var 9. klasse på Nissedal ungdomsskule som serverte eigensmurde snittar på brød frå vårt lokale bakeri og kaker. Det var ca. 150 betalande i publikum, og pris pr. billett var 150,- inkl. mat. Det var eit bevisst val å la prisen vere låg, så det var mogleg for fleire å delta, og med det eit sjansespel på om arrangementet ville stå seg økonomisk. Sidan det ikkje lenger er midlar til arrangement i ramma, måtte kulturkvelden stå seg økonomisk på billettinntektene. Dessverre vart det eit underskot.
Kulturprisutdeling:
Utlysing av forslag til kandidat vart gjort i VTB og på kommunems heimeside og FB. Det vart kunngjort at ein kan melde inn forslag til kandidatar for kulturprisen innan 1. august. Formannskapet vedtok at Bjørn Dagfinn Tveit fekk kulturprisen for 2017.
- Høgt fokus på å løyse oppgåver knytt til flyktning på tvers av einingar, slik at tenesten som blir gjeitt blir så god som mogleg.
Det vart jobba med godt samarbeid mellom dei ulike tenestene, og spesielt har ein hatt fokus på samarbeid mellom flyktingetensta og NAV sidan det er mange krysningspunkt på tenester mellom flyktingetensta og NAV.
- Gjennomføre kulturminneplan
Nissedal kommune søkte om og fekk midlar til kulturminneplan. Arbeidet med denne var planlagt å starte haust 2017 og strekke seg inn i 2018. På grunn av stort arbeidspress, vart det ikkje starta eit arbeid på dette i 2017. Arbeidet må starte opp i 2018. Dette er rapportert til riksantikvaren.
"Riksantikvaren mottok søknader om midler til å lage kulturminneplan fra 66 kommuner i 2017. Dette var flere enn vi har midler til og vi har gått gjennom søknadene og prioritert 54. I Telemark fylke får Nissedal kommune 100 000 kroner."
- Vere med i planlegging og bygging av to 2-manns flyktingebustader i kommunen.
Arbeidet med å bygge flyktingebustader vart sett i gong og ferdigstilt etter planen i Kyrkjebygda i november. Flyktingebustader vart starta på i sentrum, og vart ferdigstilt i Mars 2018.
- Fokus på folkehelseiltak i planlegging av arrangement og aktivitetar. Høgt fokus på samspel mellom dei ulike einingane og dei frivillige.
Det vart gjennomført for skuleåret 2017/18 barneidrett med Hild R. Fjone og Rune Sanden i kulturskuletimen for 1. – 4. klasse i kommunen. Kulturskuletimen vart delt opp, slik at kvar skule fekk tilbodet i løpet av året.
Det vart gjennomført fysisk aktivitet som eit lågterskeltilbod vår 2017 for mellomtrinn og ungdomstrinn med Fysioterapeut Hild Riseth. Haust 2018 lot dette seg ikkje gjennomføre

på grunn av logistikken med drift av SFO midlertidig i Fleirbrukshuset. Tilbodet om fysisk aktivitet starta opp igjen i februar 2018. Fysisk aktivitet for mellomtrinn og ungdomstrinn er eit lågterksletilbod utan kostnad for deltakaren og eit tiltak innafor folkehelseprogrammet.

Det vart jobba med ulike tiltak for ulike aldersgrupper. Samarbeid mellom einingane, frivilligsentral og dei frivillige om folkehelse i kommunen fungerte svært bra.

Kultur er ein del av den tverrfaglege folkehelse- og frisklivsgruppa som jobbar med folkehelseprosjekt spesielt retta mot born og unge, men og heile kommunen.

I 2017 var tiltaket vi jobba mest med, Topptur Nissedal. Eit prosjekt som verkeleg traff både lokalbefolkning og hytteturistar, og som fekk svært mange ut på tur, og mange oppdaga kommunen sin på nytt. Prosjektet gjekk ut på at om ein som vaksen var på 10 toppar, eller som born, 7 toppar, fekk ein ei gratis topptur Nissedal t-skjorte der logo var designa av Heide Fasteraune. Vi hadde 36 toppar i prosjektet, og til saman var det nesten 300 som gjennomførte og fekk t-skjorte. Ein såg og ei stor auke i talet på turgåarar som skreiv seg i bøkene på toppane. Prosjektet varte til 15. oktober. Utgifter til t-skjorter vart henta frå folkehelsemidlar. Totalt hadde prosjektet ein utgift på ca 40.000,-

- **Godt samarbeid med frivilligsentralen**

Flyktingetenesta samarbeida med frivilligsentralen om språkpraksis og matkurs. Ein er svært nøgd med arbeidet frivilligsentralen gjer med integrering, men også på mange andre område. Frivilligsentralen har og vore med i arbeidet med Topptur Nissedal, og har arrangert turar til ulike toppar blant anna. Frivilligsentralen gjer ein svært god jobb, og har ei samarbeidande rolle med kommunen på mange område.

Fritidsklubb

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetssinnhaldet.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:

- Ein ser at arbeid med integrering er svært viktig i ungdomsklubben. I 2017 vil ein ha eit spesielt fokus på dette gjennom ulike aktivitetar.
Det har blitt jobba med toleranse og forståing for kvarandre. Ungdomsklubben skal vere ein open og inkluderande samlingsstad for ungdom og ein skal jobbe med haldningar på korleis ein er mot og med kvarandre.

Kino

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsying kvar 14.dag i kinosalen på Fleirbrukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har billettinntektene, så kommunen si oppgåve er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Ein ynskjer å ha meir fokus på å reklamere for bygdekinoen og få enno fleire til å gå på kino
Bygdekinoen har vore godt besøkt i 2017, og ein klarte å ligge innanfor budsjett på filmleige.

Bibliotek

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka, medan skulen kan nytte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Satse på biblioteket som ein naturleg samlingsstad for kommunens innbyggjarar i tråd med lov om folkebibliotek. Det har blitt søkt på arenautviklingsmidlar til dette føremålet. Eit samarbeidsprosjekt mellom Nissedal, Åmli og Bygland vart gjennomført med ulike aktivitetar i biblioteket, som forfattarbesøk og bokkveldar. Dette vart godt motteke av publikum, og gjorde biblioteket kjend for nye lånarar. Midlar til dette fekk ein frå Nasjonalbiblioteket.
- Vidareføre tilbodet med laurdagsope bibliotek. Det vart gjennomført laurdagsope bibliotek. Tilbodet vart godt motteke frå publikum, og populært. Ein såg ein at besøkande nytta både bibliotek og basseng på laurdagane. Det var også i 2017 ei auke i utlånstal og besøk på biblioteket.

Spelemidlar – kommunalt tilskot

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom søkjarar på spelemidlar i kommunen og legge til rette for ein god og berekraftig anleggsutbygging. Det vart i januar 2017 sendt inn 3 spelemiddelsøknadar til fylkeskommunen, motorcrossbane og bilcrossbane på Nidelv Arena og tur og sykkelsti på Lina. Alle søknadane var formelt i orden, men berre motorcrossbanen fekk tilsagn. Dei andre to søknadane vart fornya for 2018.

Ålmenne kulturtiltak/arrangement

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS).

Det var eit godt samarbeid med skulane om DKS. Det vart gjennomført ein endring i arbeidsmåte med DKS frå fylkeskommunen etter føringar frå Kulturtanken. Dette gjekk i å tilpasse tilboda frå Fylkeskommunen meir spesifikt til den enkelte kommune gjennom dialog om behov og ynskje.

Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge.

Sak på fordeling av kultur- og prosjektmidlar vart behandla i junimøtet i formannskapet og pengane vart fordelt ut til lag og org i kommunen.

Enkelt-arrangement.

Det vart arrangert lokal UKM i samarbeid med Treungen Music City 17.02., Treungen Music City-konsert i Fleirbrukshuset 18.02., Tom Jackie Haugen og Drangedal bortforklaring 24. 02., kulturskulens jubileumsframsyning 29. 04 og kulturkveld 25.11.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Kulturarrangement i Fleirbrukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2017. Arrangement i Fleirbrukshuset vart gjennomført tiltak under punkt enkeltarrangement. I tillegg hadde vi 2 kulturskulekonsertar og andre mindre arrangement.
- Legge til rette for arrangement for eldre og born i barnehagen gjennom å legge til rette for det og nytte midlar frå Fylkeskommunen til dette føremålet. Barnehagane har vore på besøk i Fleirbrukshuset på framsyning kjøpt av barnehagane, og produsert av fylkeskommunen. Kultur har hjulpet til med arrangementet. Det vart gjennomført markering av eldredagen 14. desember på Mila i samarbeid med Nissedal eldreråd og Nissedal bygdekvennelag. Bygdekvennelaget laga ei heilt fantastisk ertesuppe og Nikolae Bogdan underholdt. Arrangementet vart finansiert av midlar frå Den kulturelle spasetstokken.

- Vidareføre ordninga med laurdagsope basseng. Laurdagsope basseng og bibliotek har blitt vidareført med svært godt resultat. Bassenget og biblioteket har vore ein god integreringsarena for hytteturistar, fastbuande og nyinnflytta.

Kulturvern og –samlingar

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Starte arbeidet med Kulturminneplan. Arbeidet med kulturminneplan vart ikkje starta i 2017 på grunn av svært stor arbeidsmengde i eininga. Arbeidet med denne vil bli starta i 2018.

Kulturskule

Kulturskuletimen vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einskilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konsertar i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Markere at kulturskulen er 25 år i 2017. Kulturskulens 25 års jubile vart markert 29. april i Fleirbrukshuset med 2 utselde framsyningar. Det vart ei fantastisk framsyning med alle elevane i kulturskulen på scena. Vi arrangerte i forkant av framsyninga eit teaterkurs der teltakarane øvde inn skodespelet i framsyninga, og spelte inn ein stumfilm. Det var Leif Arild Sanden som lagde manus og hadde regi. Det vart løyvd 50.000,- til dette prosjektet. På grunn av uføresette hendingar, vart prosjektet noko dyrare enn føresett.
- Utgreie tilbod om bilde-kunst. Det vart lagt fram ei sak om korleis eit tilbod om bildekunst kunne gjennomførast og kostnad på dette. Politisk nivå løfta dette inn i budsjett for 2018.

Ungdomsrådet

Nissedal ungdomsråd er knytt til fritidsklubben, men har ikkje vore særleg aktivt i fleire år.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Det må kartleggast kvifor ungdomsrådet ikkje har fungert, og kva som skal til for å få det til å fungere. Arbeidet med å få opp igjen ungdomsrådet vart jobba med. Ungdomsrådet må opp å gå i 2018.

Flyktingetenesta:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen. Spesielt må ein legge vekt på eit godt samarbeid med vaksenopplæringa.

Spesielle tiltak/endingar 2017:

- Legge til rette for 10 nye flyktingar i 2017.
- Det kom 18 personar til Nissedal kommune i 2017. Det kom fleire enn vedtak for 2017 på grunn av dialog med Imdi og at vi tilrettela for overføringsflyktingar. Det vart sagt frå Imdi si side, at flyktingestraumen var i ferd med å avta, og at vi ikkje ville få den kvota vi hadde førebudd. Men, med dialog med Imdi, fekk vi 3 familiar seinhaustes 2017. Dette førte til at 2 familiar med born vart busett i dei nye flyktingebustadene i Kyrkjebygda og ein familie vart busett i Treungen.

- **Vere med og bistå ved oppføring av 2 tomannsbustader i kommunen**
Det var eit godt samarbeid med teknisk, og oppføring av flyktningebustader kom raskt i gang, og hadde svært god progresjon. Flyktningebustadene i Kyrkjebygda vart prioritert fyrst, og stod klare, som lova, i november. Bustader i Treungen vart starta på i 2017, og vil ferdigstillast i mars 2018 etter planen.
- **Jobbe for at vi har ei god integrering i kommunen**
Det vart jobba med integrering i samarbeid med frivillige, gjennom frivilligsentralen og i kommunens tenester, men dette er eit arbeid vi bør ha enno meir fokus på i 2018.

Kompetanseutvikling:

Marjan Wouts og Roberto Soest i ungdomsklubben gjennomførte 40 timars kurs i spesialpedagogikk.
Eit svært godt og nyttig kurs.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i kultur var lågt i 2017. Det var mest korte eigenmeldingar, og litt sjukmelding. Sjukmeldingar og eigenmeldingar var ikkje relatert til arbeid.

HMS Internkontroll:

Vernerunde vart gjennomført saman med skule 30. mai. På vernerunda kom det fram avvik på sceneriggen. Denne var ikkje sertifisert etter forskrift. Det vart starta eit arbeid med å finne dokumentasjon og resertifisere den. Dette fekk vi til, og riggen vart godkjend haust 2017. Avviket er lukka.

14.5 Eining for helse og habilitering

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om sosiale tenester
Helsepersonelloven
Folkehelseloven
Pasient og brukarrettighetsloven
Kommunehelselova

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eininga gjev helse og omsorgstenester etter kommunehelselova til innbyggjarane i Nissedal kommune.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Etablere plan og rutinar for tidleg innsats saman med eining for skule og eining for barnehage
Plan og rutinar er utarbeida. Eininga vil saman med skule, barnehage og kultur jobbar vidare med planen.
- Revidere og utarbeide planar som er beskrive i planstrategi for Nissedal kommune
Plan for smittevern er ferdig, Plan for rehabilitering og habilitering er under revisjon.
Pandemiplan er under arbeid, Plan for barne og ungdomshelsetenesta er under arbeid.
Folkehelseplan er under arbeid og bustadsosial handlingsplan er under revidering.

Tenester for funksjonshemma

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Treungen. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert ytt etter enkeltvedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa sørgjer eininga for at dei som har behov for det, får støttekontakt. Våren 2017 er det 5 brukarar som har støttekontakt. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Stillinga som avdelingsleiar på Kåsa står ledig. I 2017 vil me prøve ei anna organisering der delar av denne stillinga nyttast som ein fagkoordinator.
Stilling som fagutviklar vart internt utlyst i februar mars 2017. Søkjargrunnlaget var ikkje tilstrekkeleg.

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. . Det er også eit lågterskel-tilbod til personar med psykisk sjukdom. Mila har 1,1 årsverk fordelt på 2 personar.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Søke prosjektmidlar for å utvikle uteområda på Mila til fysisk aktivitet tilrettelagd for eksisterande og nye brukargruppe
Det er så vidt starta eit arbeid med dette i samband med at Mila er 20 år i år. Tiltaket vil ikkje bli ferdig i 2017, men fortsetjast på i 2018.

Helseavdelinga

Dei kommunale helsetenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

Legekontor : Legekontoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar-ressurs i 40% som også er leiar for resten av helseavdelinga.

Jordmorteneste : Jordmortenesta 25% stilling. Tenesta fylgjer opp alle gravide før og etter fødsel.

Fysioterapitenester : Nissedal kommune har til saman 180% fysioterapistilling. 80% er på driftsavtale og 100% er fast tilsett i kommunen.

Helsestasjon : Nissedal kommune har helsesyster i 80% stilling. Helsesyster har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

Friskliv : Nissedal kommune jobbar aktivt med friskliv. Det er ingen fast tilsette som arbeider bare med dette, men kommunefysioterapeuten har eit overordna ansvar for aktivitetane.

Tenester innanfor psykiatri barn og vaksne : Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gjev tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar.

Spesielle tiltak/endingar for 2017

- Analysere resultata etter eit prøve år utan fylgjeteneste i samarbeid med sjukehuset i Telemark. Sak kring dette vert lagt fram i forkant av 1. tertial, saman med ei vurdering av heile jordmortenesta.
Det er gjennomført spørreundersøking blant dei som fekk barn i 2016. Dei kjenner seg godt ivaretekne av jordmortenesta, utan fygjeteneste.
Kommunen fortsett utan fylgjeteneste i 2018.
- Utvide helsesysterstillinga til 100% på permanent basis.
Stillinga vart auka til 100% frå 01.01.2017
- Innarbeide rutinar som fylgje av modellkommune prosjektet.
Er sett i gong.

- Etablere klarare rutinar og arbeidsmetodikk for innsats rundt utsette barn. Nissedal kommune må legge om sitt arbeid for å gje betre tilbod til denne gruppa.
Er sett i gong

Kommunelege-stillinga er ledig. Ny lege er tilsett, men ho kjem ikkje til å starte opp i stillinga før juni 2018. I mellomtida vil me finne løysingar med tidligare turnuskandidatar. Som eit tiltak er også avdelingsleiarstillinga auka til 100% til juli 2018. Legekontoret er godt bemanna og det er ikkje ventetid på time til tross for at legedekninga i periodar er redusert. Det er inngått avtale med ein tidlegare turnuskandidat som arbeidar 80% fram til 01.07.2018.

Kompetanseutvikling:

Einingsleiar tar vidareutdanning i leiing ved universitetet i Agder.

14.6 Eining for omsorg

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om helse- og omsorgstenester
Pasient- og brukarrettighetslova
Helsepersonellova
Norm for informasjonssikkerhet
Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg
Demensplan 2015

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta, som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Endre dagens turnus slik at den vert tilpassa den økonomiske ramma og avvikle ressursbanken.
Abeidet med ny turnus vart slutført i oktober. Etter interne omdisponeringar og naturlege avgangar er nå 2 stillingar i vikarpool.
- Føre vidare eit dagtilbod for personar med demens som er heimebuande så langt ressursane innanfor skjerma avdeling tillet det. (jfr demensplan 2020).
Dagtilbodet vert vidareført inntil vidare i sin nåverande form ved skjerma avdeling. Det ble i 2017 tilbydd enkelt-dager til ein brukar når ektefelle hadde behov for dette.
- Samarbeidsavtale vedrørende ordning for aktivitetssvenn (AV) i Nissedal er etablert. I 2016 vart ordninga satt ut i livet. I 2017 vert fokuset å vidareføre denne ordninga.
Ordninga med aktivitetssvenn er vel organisert, og det haustast gode erfaringar.
- Arbeide for å halde sjukefråveret for heile eininga på 7% eller lågare.
Sjukefråveret i eininga var i 2017 12,2 % (Langtidsfråvær 8,9 og korttid 3,4) %. Eininga har ei høg alderssammansetning, samstundes som at arbeidsbelastninga er stor. Det er likevel ikkje grunn til å tru at sjukefråveret er direkte arbeidsrelatert.

- Vidareføre fokuset på avdelingsledertenesen ved å gjennomføre interne halvdags leiarsamlingar 2-4 gonger i året, med fokus på fag, bygging av samarbeid og sosialt. I 2017 har det vore stort fokus på avdelingsleiar si rolle. Avdelingsleiar sin funksjon og rolle er nå langt på vei i tråd med stillingsomtalen i eininga.
- Det er sett i gang arbeid med bygging av nye omsorgsbustader i umedelbar nærleik til institusjonen. Denne prosessen vil sannsynleg slutførast i 2017 og målet må vere gode framtidssretta bustader kor det er lagt opp til å kunne ta i bruk teknologiske løysingar. Prosessen vart i 2017 lagt på is i påvente av ny bustadsosial handlingsplan
- Gjennom Vest-Telemark-Samarbeidet, jobbe fram mot å få mobil omsorg som system i eininga
Det er løyva mildlar til Velferdsteknologi for Vest-Telemark, for Nissedal betyr dette 6 nettbrett. I tillegg mobilomsorg med elektroniske arbeidslester er innført for heimetenesta og somatisk avdeling.
- Føre vidare ordninga med interkommunal pårørandeskule for pårørande til personar med demens i eit samarbeid med Vest-Telemark kommunane
Vi har ikkje klart å rekruttere pårørande frå Nissedal til skulen i 2017
- Utgreie muligheten for å etablere permanent dagtilbod for personar med diagnose demens
Dette arbeidet anbefalas vurdert opp mot nye omsorgsbustader, og har ikkje vore behandla særskilt i 2017.

Administrasjon/tenestekontor:

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleiksalarmar og hjelpemidlar. Ved utgangen av 2015 var det 170 aktive brukarar som har hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- I 2017 vert dagens bemanning på 1,9 årsverk på tenestekontoret vidareført (10 % er midlertidig vakant).
- Innstalling av arkivkjerne i Profil slik at det blir eit fullelektronisk arkiv. Arbeidet starta i slutten av 2016. I 2017 vil fokuset vere på opplæring og omlegging av rutinar.
Elektronisk arkivkjerne er på plass frå 1/1 - 2018.
- Nav hjelpemiddelsentral krev at kommunane overtek meir og meir av oppfylgingsansvaret i høve til hjelpemiddel som brukarar har fått i heim, skule, på arbeidsplass og til fritidsaktivitetar. Dette er eit ressurskrevjande arbeid og krev årleg kursing og tett samarbeid med hjelpemiddelsentralen.
I tråd med Navs oppfordringar vart det i 2017 etablert hovedkoordinator for hjelpemiddel handtering på tvers av einingar, samt koordinatarar og fagpersonar innan for kvar eining.

Institusjonstenester :

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids- og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttidsplassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter egne kriterier. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet. I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at egne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekomast og at det ikkje gjev meirkostnadar for eininga.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Arbeide vidare med å sjå på måltidsrytmen i høve til å tilby middag på ettermiddagen og ikkje kl 13 som no. Kveldsmaten vert då forskyve tilsvarande.
Middag vart i 2017 flytta til klokka 15.30
- Vidareføre prosjekt med fokus på forflytning i høve til HMS og førebygging av sjukefråvær.
Det vart løyva midlar til personløftar i 2017. Dette betyr mindre løft og mindre venting på den eine NOS hadde frå tidligare.
- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.
Arbeidet med trivsel for tilsette og våre tenestemottakar hadde høg prioritet i 2017. Det vart gjennomført en to-dagars samling med tilsette frå alle avdelingar, saman med einingsleiar, med fokus på trivsel og god kommunikasjon.
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus på alle bebuarar
Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt. Det ble tilsett ny avdelingsleiar i somatisk hausten 2017, og andre oppgåver vart prioritert. Blant anna tok arbeidet med ny turnus mye kapasitet.
- Gjennomføre vergekurs for alle tilsette ved skjerma avdeling i løpet av våren 2017
Dette vart bortprioritert med omsyn til styrking av arbeidsklimate og utfordringar totalt i NOS, det foreligger pr. d.d. en del internkompetanse på vergeteknikk, samstundes har det ikkje forkomme utageringsproblematikk i 2017.
- Jobbe aktivt for å selje plassar når det er kapasitet til det
Det er minimal etterspørsel etter plassar, det vart totalt selt 2 netter til Fyresdal kommune i 2017.

Heimebaserte tenester:

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfylging dersom tryggleiksalarmer vert utløyst. Hausten 2016 er det 32 personar som har tryggleiksalarmer. Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpa dei har krav på. Hausten 2016 er det 47 personar som er tildelt ulike heimetenester og 40 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp)

Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim. Auke i brukarar dei siste åra har gjort at ressursar som skulle vore felles for institusjonen og heimetenesta har blitt nytta meir i heimetenesta og dermed svekka tilbodet til bebuarane på langtidsavdelinga. Ein konsekvens av dette var at eininga omdisponera midlar slik at det vart ei til kveldsvakt mån-tors.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.
Tilsette deltok på demensnettverk og opplæring frå palliativt forum. Mobilomsorg var primærsatsinga hausten - 17
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus
Dette er på god vei i heimesjukepleia.
Ernæringsplanen er ferdig utarbeida, men ikkje implementert. Manglande leiarkapasitet i eininga totalt sett har gjort at desse oppgåvene vart bortprioritert.

Serviceavdelinga:

Reinhold, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkkenet har også sal og administrering av utkøring av middag til heimebuande (etter vedtak). Hausten 2016 er det 17 personar som får køyrd middag heim. Dette er ikkje eit lovpålagd tilbod, men er svært viktig m.t.p å førebyggje underernæring hos personar som bur heime.

Spesielle tiltak/endingar i 2017.

- Samarbeide med kjøkkenet når det gjeld måltidsrytma. Jamfør tiltak beskrive under institusjonen.
Turnus for drift er justert tilpassa nye etetider, utan at dette medfører ekstra kostnader.
- Lage ein plan for å renovere grovkjøkkenet i samarbeid med teknisk
Plan er ikkje ferdigstilt, det er estimert ein kostnad på 150 000,- for renovasjonsarbeidet.

Kompetanseutvikling:

Det vert arbeid med å etablere ansvarlege kompetanse/resurspersoner innanfor aktuelle fagområder - disse vil danne grunnlag for prioritering av opplæring/kurs i åra framover. Eininga har ein sjukepleier som fullførte vidareutdanning i 2017.

Sjukefråvær:

Korttid: Ned frå 3,8 til 3,4

Langtid: Ned frå 8,99 til 8,99

HMS Internkontroll:

Det vart ikkje gjennomført brannøving 2017, dette bør prioriterast i 2018.

Det er frå brannrundar de sist åra gitt avvik for manglande rømmingsveg mot sør – dette er ikkje fulgt opp i 2017. Etter målingar er det behov for isolerande materiell på veggjar i eterom.

14.7 Eining for teknisk drift

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomstar til/frå fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivaretakast særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og frivillige organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Plan for kriseleiing og beredskap

Handlingsplan for trafikksikring 2015-2016

Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015

Drikkevatn forskrifta

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

Utleigebustader

Kommunen har totalt 33 utleigebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.

Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Oppføre 4 omsorgsleilegheiter ved NOS.
Prosjektering- og byggenemda fann det naudsynt med ei utgreiing rundt ulike tomtealternativ i høve til desse bustadane og framtidig utnytting av området rundt NOS. Arkitekt har laga fleire skisser til løysing. Behov for ulike type bustadar vil bli vurdert på nytt i samband med rullering av boligsosialhandlingsplan i 2018.
- Oppføre 4 bueiningar for flyktningtenesta.
Prosjektering- og byggenemda har kome til at det er behov for store familieleilegheiter med 4 soverom og god kvalitet på materialval for å redusere framtidige vedlikehaldskostnader.
Prosjektet har vore på anbod, kontrakt er inngått og bygging starta ca. 20.04.17
Bustaden i Framnesfelt vart tatt i bruk i nov.17 Bustaden i Treungen er under oppføring med ferdigstilling april 18.n.
- Gjennomføre radonreduserande tiltak i bygg med høge radonverdiar.
Det blei gjennomført tiltak ved årskiftet 2016/2017 som blei ført i 2017 rekneskapen.
Kunn oppfylgning ved kontrollmålingar resten av året.

Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningsmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Ombygging av Tveit småskule.
Prosjektering- og byggenemda har saman med representantar for brukarane og arkitekt gjort eit omfattande forprosjekt før endeleg val av planløysing.
Prosjektet har vore på anbod og byggearbeidet starta juni 17. Det mest av byggearbeidet var utført ved årskiftet, men fullføring vil skje i 2018.
- Gjennomføre radonreduserande tiltak i bygg med høge radonverdiar.
Det blei gjennomført tiltak ved årskiftet 2016/2017 som blei ført i 2017 rekneskapen.
Kunn oppfylgning ved kontrollmålingar resten av året.
- Ny taktekking på murbygget ved Tveit skule.
Arbeidet er utsett til sommarferien 2018.
- Vurdere løysingar kring rausting av tak på kommunehuset.
Skisser frå arkitekt på rausting vart lagt fram for kommunestyret. Desse falt ikkje i smak og det blei vedtatt å legge ny tekking på noverande takløysing i 2018.

Andre bygg (NSB-eigedom..)

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er dårleg vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

Vanleg drift. Delar av taket på lokstallen blåste av i eit kraftig uver i jula -17. Blir ei forsikrings sak i 2018.

Grøntanlegg

Kommunen har grønntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg. Alle kommunale grønntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

Vegar og plassar

Kommunen har 24,5 km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningsliner.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar.
Formannskapet har handsama sak om vilkår for kommunal veg. Arbeidet vil bli vidareført i 2018.
Arbeid med asfaltering av kommunale grusvegar blei ikkje fullført hausten 2016 grunna tidleg vinter. Gjenstående arbeid starta i mai. Kleivvegen, Tveitanevegen, Brattbakken-Framnes og bustadvegar i Framnesfeltet samt øvre del av Tveitvegen er ferdig asfaltera med godt resultat. Tilleggsbestilling på reasfaltering av veg til Vikodden friluftsområde er også utført.

Fjoneferja

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Utgreie sak om heilårsdrift av Fjoneferja.
Som eit forsøk starta ferjedrifta omlag 1 månad før avtalt oppstart som var 01.05.17. I desember blei det vedteke prøveprosjekt med heilårsdrift i 2018 og 2019.
- Nissedal kommune gå i dialog med TFK om drift av Fjoneferja i samband med areal og transportplan 2015-2025.
Ikkje gjennomført i 2017 då aktuelt møte med fylkeskommunen blei flytta til januar 18.

Brann og ulykkeberedskap

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS. Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmannskap.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

- Fullføre påbyrja grunnopplæring av 4 brannkonstablar.
Gjennomført som planlagt.
- Legge fram sak kring rullering av/behov for nytt utstyr for brannmannskap.
Sak blei handsama av kommunestyret 16.02.17 som løyva kr 230.000 til innkjøp av utstyr. Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn hos alle landets brann- og feievesen og nesten samtlege fekk omfattande pålegg til bygningsmessige forhold og drift av verksemda. Nissedal kommune fekk 4 pålegg. 3 av desse vart lukka ved gjennomføring av mindre tiltak, siste pålegg gjeld installasjon av ventilasjonsanlegg og har gjennomføringsfrist 31.12.2018.

- Utrede å bli med i beredskapssamarbeid.
Kommunen er pålagt å ha planverk og beredskap mot store uønska hendingar. Kvar kommune har ein beredskapskoordinator. I Nissedal er dette ein del av stillinga til einingsleiar på teknisk. Det var forslag på at Vest-Telemarkkommunane kunne samarbeide om ein fagperson som kunne ha dette arbeidet som hovudoppgåve. Forslaget blei ikkje med blant dei fagområda det arbeidast vidare med interkommunale løysingar på og det er difor ikkje grunnlag for vidare arbeid med denne saka.

Vatn og avlaupsanlegg

Kommunen har ca. 870 vatn-abonnentar og 1.550 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. Frå juni 2015 er Nissedal kommune vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune.

Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevellig, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Grunna auka aktivitet innan vatn og avlaup må bemanninga aukast med ein driftsoperatør. Arbeidet med å skaffe nye abonnentar er tidkrevjande og bør styrkast. I siste halvdel av 2016 var det ei mellombels tilsetjing i 40% og denne bør omgjerast til ei prosjektstilling i 100%.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar, spesielt knytta til overtaking av private vassverk på Kyrkjebygdheia og Gautefallheia. For å styrke dette arbeidet blir det oppretta ei prosjektstilling over 2 år der delar av stilling også vil bli nytta til registrering og utarbeiding leidningskartverk for vass og avløpsnettet.
Ein av dei permiterte hos Hitec AS arbeida i 40% stilling hausten 16 og fyrste kvartal 17. Permitteringa var trekt tilbake og han har takka nei til den tiltenkte prosjektstillinga. Dette gjorde at arbeidet med registrering og utarbeiding av VA-kart i liten grad er utført. Arbeidet med nye abonnentar har pågått heile året. Eit privat vassverk med 46 abonnentar blei overtatt ca. 1.juni og eit vassverk på 125 abonnentar blei overtatt ved årsskiftet. Prosjektet med avtale om kommunal vassforsyning til Kyrkjebygdheia er inne i slutfasen har vore den største og mest arbeidskrevjande saka. Kom ikkje til politisk handsaming i 2017, men blei godkjent februar 2018. Det er inngått 6 anleggsbidragsavtaler for VA-nett i 2017.
- Utvide driftsovervakingsystemet til å omfatte alle kloakkpumpestasjonane.
5 nye anlegg blei bestilt og satt i drift i.
- Installere ny innlaupsrist ved Kyrkjebygda RA.
Ny rist blei montert i veke 47.
- Tilsette ny driftsoperatør i nyoppretta stilling for drift av vass avløpsanlegga.
Stein Skåli er tilsett som driftsoperatør og starta i jobben 14.08.17.
- Utreie løysingar kor kommunen kan inngå individuelle avtaler med utbyggingsfirma som gjer det mogleg å utsette kommunale gebyr, nå formålet er vidaresal av hytter.
Sak om dette er handsama av kommunestyret i samband med ny forskrift for vass og avløpsgebyr.

Kompetanseutvikling:

Alle opplæringsmidlane er nytta til opplæring av brannmannskap.

HMS Internkontroll:

Vernerundar og drift som planlagt.

14.8 Interkommunalt plankontor

Kommuneplanen sine mål:

All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.

Vidareføring av etablert drift:

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:

Plan og bygningslova
Naturmangfaldslova
Matrikkellova
Eigarseksjoneringslova
Forureiningslova
Kommuneplan, spesielt arealdelen
Kommunedelplanar
Reguleringsplanar

Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2017 budsjettert med 5,83 årsverk (frå 01.03. 5,70). Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

Spesielle tiltak/endingar i 2017

Administrasjon og plan:

Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2017: 1,20.

Spesielle tiltak/endingar i 2017:

- Aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte.
Dette arbeidet har skjedd kontinuerleg og oppdateringa er ganske ajour.
- Utarbeide ny detaljreguleringsplan for Åsen bustadfelt.
Planen blei eigengodkjent av kommunestyret sak 045/17, 15.06.17.
- Utarbeide ny detaljreguleringsplan for området Sagbrukstomta/Sommarsletta m.m.
Planen er under arbeid, men arbeidet blei mellombels nedprioritert. Ved årsskiftet var det utarbeidd utkast til planomtale og plankart, men kommunen må gå fleire rundar med dei private utbyggerane før planen kan leggest fram for formell 1.gongsbehandling.

- Ferdigstille tomtedelingsplan for Damkollen.
Arbeidet blei sett på vent i høve til kjøp av g/bnr 35/82. Dette blei avklara, jf. f-sak 070/17, 01.06.17, og ny tomtedelingsplan med seks tomter, ca. 4 dekar kvar, blei godkjent, jf. f-sak 145/17, 07.12.17.
- Vidareutvikle det digitale planregisteret, publikumsretta innsynsløysingar m.m.
Registeret er tatt i bruk og blir stadig ajourført med nye planar/planendringar etc.
- Oppstart av prosessen for rullering av kommuneplanens arealdel.
Det er ikkje varsla oppstart av planprosessen. Varselet er avhengig av eit vedteke planprogram som også omfattar samfunnsdelen av kommuneplanen. Dette arbeidet er ikkje avslutta.

Kart og oppmåling:

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjetterte årsverk 2017: 2,58 (frå 01.03. 2,45).

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Slutføre alle mellombelse kartforretningar.
Dette er så godt som avslutta. (Det står igjen 4 saker av ca. 400 i toppåra for ca. 10 år sidan.)
- Ny FKB-C-kartlegging av spreiddbygd areal (Geovekstprosjekt, kostnader frå 2018)
Det er gjort avtale med Kartverket om slik ny kartlegging. Kostnadene vil bli fordelt over tre år, totalt kr 407 500. Kartlegginga vil gje ei kvalitetsheving då delar av kommunen har kartgrunnlag frå 1980. Nye bygg og vegar bygd etter 2012 vil kome på plass. Byggeområda vil få oppdaterte flybilde.

Byggesaksbehandling:

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.
Budsjetterte årsverk 2017: 2,05.

Spesielle tiltak/endringar i 2017

- Kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn, felt på Kyrkjebygdheia blir prioritert.
Det er gjennomført kontroll av Trytetjønn hyttefelt (31 stk), og for Kyrkjebygdheia av felta frå Stokksosen og innover.
- Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.
Det er ikkje utført slik kontroll.
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).
Det er bruka 219,75 timar på dette prosjektet i 2017. Takseringa er ajour.

Kompetanseutvikling:

Ein av oppmålingsingeniørane har byrja på kurs i tingsrett (30 studiepoeng) ferdig sommaren 2018. Byggesaksbehandlar har vore på 2-dagarskurs i tilsyn med mindre avløpsanlegg.

Sjukefråvær:

Eit langtidssjukefråvær er løyst ved overgang til 20% uføretrygd. Korttidsfråværet har vore lite, og lågare enn snittet for kommunen totalt, utan at dette er dokumentert med fråværsstatistikk.

HMS Internkontroll:

Gjennomført vernerunde har ikkje vist behov for tiltak/endringar i arbeidsmiljøet.

VEDLEGG I:

Årsmelding 2017



Nissedal kyrkjelege fellesråd

ÅRSMELDING 2017

NISSEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

1. ALLMENT

Nissedal kommune ynskjer å vere ein kommune i vekst og med gode tilbod til alle.

I Nissedal kommune sitt handlingsprogram for 2014 – 2017 står det mellom anna fylgjande under Nissedal kommune sin visjon: NISSEDAL VIDARE.

- *”Aktivt kulturarbeid som gir trivsel og identitet”*
- *”Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet.”*
- *”Born og unge sine oppvekstvilkår er svært gode.”*
- *”Samvirke på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.”*

For at desse måla skal bli realisert har kyrkja ein sentral plass. Som ei levande folkekyrkje er kyrkja ein viktig del av lokalsamfunnet, og sentral i trusopplæringsarbeidet og haldningsskapande arbeid.


Kyrkja ynskjer å bidra til å skape gode lokalsamfunn, prega av nærleik, varme, omsut og engasjement.

Utvikling av samarbeids – og møtepunkt, er bidrag til å gjere kyrkja til meir enn ein utgiftspost lova legg på kommunen.

2. MÅLSETJING

- Ta vare på, forvalte og drive kyrkjene / kyrkjegardane i kommunen etter gjeldande lover og på ein tenleg måte for kyrkjene og lokalsamfunnet.
- Stå til teneste for innbyggjarane i kommunen, praktisk, åndeleg og medmenneskeleg.

3. ORGANISERING 2017



Samansetjing av fellerådet

Nissedal og Treungen vart slege saman til eitt sokn frå og med 01.01.2012. Det vart valt inn 6 personar i det nye Nissedal sokneråd. Desse 6 er og felleråd saman presten og ein politisk representant vald av kommunestyret.

Fellerådet fører tilsyn med kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av fellerådet sitt tilsynsansvar, vert utført av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er sekretær / sakshandsamar for fellerådet og administrativ leiar for kyrkja.

Fellerådet sine medlemmer 2017:

Anita Haugstad Haugsjå, leiar.
 Asbjørn Nes Hansen, nestleiar
 Torill Sønnerland
 Liv Lia
 Linda Felle
 Peter Chr Rieber-Mohn
 Halvor Homme, kommunen sin representant
 Knut Bjørn Skyttemyr, prest

Vara i fellerådet:

Astrid Eidem Nordal
 Olav Borstad
 Øystein Fredriksen
 Trygve Slokvik
 Anne Johanne Berge

Runa Vee Tveit, vara for kommunen sin representant

Saker:

Fellesrådet har hatt 6 møte og handsama 30 saker. (7 møte og 30 saker i 2016) I desse møta har det og vore soknerådssaker.

4. TILSETTE

Fellesrådet hadde ved inngangen av 2017 arbeidsgjevaransvar for ca. 2,4 årsverk, fordelt på 6 tilsette:

Anne Marie Larsson – 100% stilling som kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeidar ved Nissedal kyrkje, Treungen kyrkje og Felle kapell.

Pauline G. Nordbø – 3,4% stilling som klokkar ved Nissedal kyrkje.

Olav Svalastog – 60% stilling som organist i Nissedal sokn.

Reidun Lauvdal – 4,3% stilling som klokkar ved Treungen kyrkje.

Elisabet A. Åsland – kyrkjegardsarbeider ved Felle kapell på timebasis.

Reidun Moen Valle – klokkar-/kyrkjetenarvikar, ved behov.

Helga Tveit – organistvikar ved behov når ho har høve til det. Ho held fram på friviljug basis med å spile ved andaktane på NOS kvar 14.dag.

Jon Inge Nordbø - 80% stilling som kyrkjeverje/dagleg leiar

Tilsette i Vest-Telemark prosti:

prostidiakon Eilev Erikstein.

Tilsett i Agder og Telemark bispedøme:

sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr.

5. AKTIVITETEN**NISSEDAL:**

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter
- Har fått eit sidealter i kyrkja. Det gamle toppstykket til altertavla i kyrkja er måla og har fått sin plass som ein del av sidealteret.
- Har investert i ny sikringsalarm frå Aarak Alarm
- HMS
- Deksel over ovnane i kyrkja
- Det vart vedtatt å kjøpe inn grøn messehakel frå Jølster Design til Nissedal kyrkje.

TREUNGEN:

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter.
- Har investert i ny sikringsalarm frå Aarak Alarm
- Har gjennomført HMS-tiltak
- Deksel over ovnane i kyrkja
- Varmekablar i HC-inngang
- Snøfangarar og nye takrenner til kyrkja
- Mønepannene er festa
- Trafikksikring ved Treungen kyrkje har vore tema. Det er oppmålt eit areal som vi skal kjøpe inntil kyrkjegarden.

- Det er løyvd pengar frå kommunen si side til
 - Å lage plan for området rundt Treungen kyrkje
 - Kjøpe areal
 - Opparbeide meir parkeringsplass
- Historielaget har halde fram med å stelle opp kyrkjestoga. Arbeidet var så godt som ferdig like før jol

FELLE

- Det er arbeid med innkrevjing av festeavgifter
- Ny dør i kjellar.

Restaurering av toppstykket

2014. Det vart sendt ein søknad til Norsk institutt for kulturminneforskning hausten 2014. Tilbod på undersøking av toppstykket før eventuell avdekking. Tilbodet kom: kr. 65.000. Ein god sum!

Den 9. desember 2014 sendte Nissedal kyrkjelege fellesråd ein søknad til Riksantikvaren om tilskotsmiddel til avdekking og konservering av overmalt kyrkjekunst – altertavle Nissedal kyrkje. Ein er kjent med at ein kan få private gjevarar til prosjektet - det er difor viktig å kome så langt at ein ser om det er mogleg å få ei finansiering på prosjektet.

Kva skjedde i 2015

- Fekk tilbakemelding i juni om at det var løyvd kr 65.000 til forprosjekt
- Jobben kunne gjerast ved slutten av året, nov – des.
- Jobben vart gjort og betalt.
- Vi måtte betale for spesialtransport og forsikring av toppstykket. (det var eit vilkår for å få tilskot til prosjektet at ein hadde ein slik transport)
- Fekk NIKU Oppdragsrapport 177/2015 tilbake. God rapport som er verdt å lese. Men konklusjon: NIKU anbefalar ikkje å avdekke toppstykket. D.v.s at ein nok ikkje kan rekne med støtte frå det offentlege i eit eventuelt vidare arbeid med toppstykket.

2016

- Transport og forsikring i 2015 vart betalt av pengar frå sal av jubileumsboka.
- Får aldersbestemt toppstykket frå NIKU. Det er frå 1700 talet.
- Riksantikvaren støttar tiltaket med å plassere toppstykket i vestre korsarm av kyrkja.
- Riksantikvaren har gjeitt klarsignal til oppmaling av toppstykket.
- NIKU anbefalar at dekorasjonsmålar Axel Dahlgren gjer jobben.
- Før at jobben kan gjerast, må biskopen og godkjenne at toppstykket kan plasserast i kyrkja til liturgisk formål.
- Det vil koste mellom kr. 30 og 40.000 å få på plass toppstykket i kyrkja.
- Toppstykkegruppa arbeider med finansiering av tiltaket.

2017

- Biskopen har godkjent plassering og bruk
- Axel Dahlgren har gjort jobben
- Sidealteret var tatt i bruk i oktober
- Riksantikvaren har gratulert oss med eit vellukka resultat
Takk til Torgeir Nordal og resten av toppstykkegruppa (Asbjørn Nes Hansen og Knut Bjørn Skyttemyr) for ein framifrå jobb gjennom 3 år.

Kyrkjekontoret. Kurs for tilsette / staben:

2 dg i aug Møte mellom prostar og kyrkjevevjerer i bispedømet i Bø.

HMS arbeid

Branntilsyn 21.september 2017.

Vernerunde 17.oktober 2017. Stad Nissedal kyrkje. Med prost Asgeir Sele, verneombod for prestane Tor Eivind Erikstein, vernombod for dei fellesrådstilsette Anne Marie Larsson og Jon Inge Nordbø.

Eit viktig punkt frå møtet: Ein var tilfreds med HMS-håndbok og årshjul vedr tiltak innan HMS.

Sokneråda sitt arbeid:

Det ligg føre eiga årsmelding for soknerådet og underutvala, prostidiakonen og årsstatistikk for Nissedal sokn

6. ØKONOMI**Resultat 2017:**

Rekneskapsmessig meireforbruk(underskot) er på kr. 7.117. Dette resulterte i ein reduksjon i avsettinga til disposisjonsfond.

Kyrkjelydsbladet

Bladet vert delt ut gratis til alle heimar i Nissedal kommune.

Friviljuge gåver vert mottekne med takk. Gåvene dekker vanlegvis kostnadene med trykking og utsending av bladet.

Nissedal kommune nyttar bladet som meldingsblad, og betalar for det.

I 2017 gjekk bladet med kr. 6.967.75 i underskot. Dette beløpet er dekt inn av Fond for kyrkjelydsbladet som har minka frå kr. 76.631.06 til kr. 69.663.31.

Sjå eiga årsmelding,

7. PLANAR FOR 2018

Ein held fram med å avklare ansvar for gravene på gravplassane i Nissedal, Treungen og på Felle. Ein vart nesten ferdige i 2017

Anna prioritert arbeid i 2018

- Nødvending vedlikehald
- Reparasjon i klokkestøpulen på Tveit.
- Investering ved Treungen kyrkje
 - Kjøp av grunn rundt kyrkja
 - Plan for areal rundt Treungen kyrkje
 - Opparbeiding av parkeringsplass
- Leddlys og dimmarar i kyrkjene
- Opp-pussing av mur på tilbygg til Felle kapell
- Ny grøn messehaketil Nissedal kyrkje

Treungen 13. februar 2018

Jon Inge Nordbø
kyrkjeverje

